

Bacheloroppgåve

NTNU
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet
Det humanistiske fakultet
Institutt for historiske og klassiske studier

Inger Bakken Gjørva

Media og kampen om Mardøla

Bacheloroppgåve i Bacheloroppgåve i historie

Rettleiar: Thomas Brandt

Mai 2021



Mardøla, Arnulf Husmo, Mittet & Co, 1971.

Inger Bakken Gjørva

Media og kampen om Mardøla

Bacheloroppgåve i Bacheloroppgåve i historie

Rettleiar: Thomas Brandt

Mai 2021

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for historiske og klassiske studier



NTNU

Kunnskap for ei betre verd

Samandrag.

Mardøla-aksjonen hadde sitt opphav frå seinsommaren juli-august 1970 og var den første aksjonen der sivil ulydighet vert brukt som verkemiddel for å markere natur- og miljøvern i Noreg. Aksjonen hadde sitt opphav i det statlege vedtaket om kraftutbygging av elva Mardøla i Nesset kommune i Møre og Romsdal fylke. Konsekvensen var blant anna at Mardalsfossen, Nord-Europas fjerde høgste fossefall, skulle miste vassføringa og tørrleggast, og at bygdene Eresfjord og Eikesdal mista vatnet dei var så avhengig av for jordbruk og livsopphald. Under aksjonen var det eit unikt samarbeid mellom naturvernalar og lokale bygdefolk som kjempa for ulike interesser, men som samla seg om eit felles mål. Den eine sida ville hindre nedbygging av naturressursane i Noreg, medan den andre arbeida for å verne om lokale tradisjonar og levesett. I starten var det 30-40 aksjonistar i aksjonsleiren, men det var på det meste 500 aksjonistar som deltok. Til slutt greip politiet inn og fysisk bar vekk 10-12 demonstrantar. Aksjonen førte dermed ikkje fram og elva vart utbygd med formål om energiutnytting gjennom vasskraftverk.

I nasjonale media har ofte aksjonen vorte skildra med eit ein tydig fokus der naturvern var det einaste målet, men under aksjonen oppstod eit særskilt samarbeid mellom naturvernalar og lokalbefolkinga som ein ikkje hadde sett tidlegare. Aksjonen var då meir kompleks enn det som vart spegla i nasjonale media. Med dette som bakgrunn ville eg undersøkje korleis og i kva grad dei to lokalavisene Romsdal Folkeblad og Sunnmørsposten spegla denne kompleksiteten. Ein finn her ut at avisene går langt i å søkje å vise dei ulike partane i striden, om det så er naturvernalar, bygdefolk frå både Nesset og Rauma, anleggsarbeidarar og NVE. Avisene har ein tydeleg politiske ideologi frå begge sidene av skalaen, der Romsdal Folkeblad er ein arbeidarpartiavis og Sunnmørsposten ei venstreavis. Alt dette er med på å vise at kraftutbygginga av Mardøla hadde fleire sider og var meir kompleks enn det som kom ut i nasjonale media. Uavhengig av denne kompleksiteten fekk aksjonen mykje å seie for framtidig kraftutbygging, norsk miljøpolitikk og protestaksjonar fram mot i dag.

Abstract.

The Mardøla-protest of July-August 1970 was the first occurrence of civil disobedience used as a tool in environmental matters in Norway. The protest was rooted in the decision by the authorities to use the river Mardøla for hydro-electric power. The small communities of Eresfjord and Eikesdal, both in Nesset municipality in Møre and Romsdal county, would lose their water supply, which they were dependent for agriculture and subsistence. In addition, the Mardal waterfall, the fourth highest waterfall in Northern Europa, would lose its water and run dry. These dire consequences led to a protest where a unique cooperation between villagers and environmentalists fought for the same goal, to preservation of Mardøla, but from different angles. One side was primarily trying to stop the destruction of Norway's natural resources, while the other side was mainly seeing things from a local perspective and the survival of their way of life. In the beginning there were about 30-40 protesters in the camp they had built to halt the construction, but this number increased to about 500 later on. In the end local law-enforcement intervened, carrying away 10-12 of them, and thus ending the protest, and Mardøla was developed for hydro-electric power purpose.

In national media the Mardøla-protest has been portrayed as more or less a one-sided effort by environmentalists to preserve national resources, but the reality is more complex. The protest saw the merging of two interest groups, cooperating for a common goal. With this backdrop, I wish to explore how two local newspapers, Romsdal Folkeblad and Sunnmørsposten, mirrored this complexity. Evidence suggests these locally anchored media did not manage to portray the different interest groups' goals and wishes, be it from the environmentalist perspective, the construction workers' view, the official NVE's policy or from the conflicting local communities Rauma and Nesset's viewpoint. These two newspapers were on opposite sides of the political spectrum, Romsdal Folkeblad being a labor-friendly newspaper, whereas Sunnmørsposten sided more with the Liberal Party. In combination this gives evidence to the suggestion that the development of Mardøla for Hydro-electric purposes was more complex and nuanced process than known from national media. Independently of this complexity, the Mardøla-protest influenced official Norwegian environmental policy, later development for natural resources and how one protests to this day.

Innhald

Samandrag.....	1
Abstract	2
1.0 Innleiing.....	4
1.2. Metode.....	5
1.3. Tidlegare forsking	6
2.0 Bakgrunnshistorie.....	10
2.1.Vasskrafthistorie i Noreg.....	10
2.2. Natur- og miljøvern i Noreg.....	11
3.0 Mardøla-aksjonen.....	13
3.1. Bakgrunn for utbygging	13
3.2. Naturvernarnane og bygdefolket	16
3.3 Mardøla-aksjonen.....	21
3.3.1. Aksjonistane er på plass	21
3.3.2. Opptrapping.....	23
3.3.3. Motaksjon.....	27
3.3.4. Ny aksjonsleir.....	29
3.3.5. Politiet aksjonerar og aksjonen vert avslutta.....	30
4.0 Avslutning	32
5.0. Kjeldeliste.....	35

1.0 Innleiing

Ulf Prytz skreiv ein kronikk i Aftenposten 30. juli 2020 med tittelen: «Vi tapte kampen for 50 år siden. Nå er naturen igjen under angrep».¹ Den tapte kampen som her vert referert til er kampen om elva Mardøla, der Mardøla-aksjonen hadde sitt opphav i perioden 26 juli til 28 august 1970. Dette var den første aksjonen der sivil ulydighet vert brukt som verkemiddel for å markere natur- og miljøvern i Noreg. Mardøla-aksjonen hadde sitt opphav i vedtaket om utbygging av elva Mardøla i Nesset kommune i Møre og Romsdal. Dette var det tredje og siste utbyggingsvedtaket i dalføret og dersom Mardøla vart utbygd ville dette føre til at Mardalsfossen, Nord-Europas fjerde høgste fossefall mista vassføringa. Samstundes ville det føre til at bygdene Eresfjord og Eikesdal mista vatnet dei var så avhengig av for jordbruk og livsopphald. Under aksjonen var det eit unikt samarbeid mellom naturvernalar og lokale bygdefolk som kjempa for ulike interesser, men som samla seg om eit felles mål, å hindre nedbygging av naturressursane i Noreg. I starten var det 30-40 aksjonistar i aksjonsleiren, men det var opp mot 500 aksjonistar på det meste som deltok. Aksjonen førte ikkje fram og vart avslutta ved at politiet greip inn og fysisk bar vekk 10-12 demonstrantar. Vassdraget vart utbygd med formål om energiutnytting gjennom vasskraftverk. Prytz koplar denne aksjonen til i dag, der ein igjen kan sjå aksjonar og kamp mot energiutbygging, berre at i dag er det vindmøller det rettast motstand mot. Om det er Frøya eller Haramsøya så står motstandarane støtt mot staten og utbygging i form av ikkje-valdelege aksjonar og sokjer å verne om lokalmiljø og naturen.² I 2020 var det 50 år sidan Mardøla-aksjonen og det er nettopp denne aksjonen oppgåva skal handle om.

Ved å starte med eit innblikk i norsk vasskrafthistorie vil oppgåva syne korleis Noreg byrja med krafteventyret og vidare vise korleis eit aukande fokus på natur- og miljøvern i etterkrigstida oppstod både nasjonalt og internasjonalt. Dette er viktig for å kunne forstå korleis aksjonen vart oppfatta i samtidia. Vidare er det viktig å sjå på bakgrunnshistoria til vedtaket om utbygging av Mardøla-vassdraget, samarbeidet mellom naturvernalarane og bygdefolket og sjølve aksjonen. Undervegs i teksten vil dei ulike fasane av aksjonen koplast til innlegg i dei to lokalavisene Romsdal Folkeblad og Sunnmørsposten. Her vil undersøkinga rette seg mot korleis avisene stilte seg til sjølve aksjonen, aksjonistane og utbyggingsvedtaket.

¹ Prytz, U. (2020). «Vi tapte kampen for 50 år siden. Nå er naturen igjen under angrep». Aftenposten. Link: <<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/kJAeKB/vi-tapte-kampen-for-50-aar-siden-naa-er-naturen-igjen-under-angrep-u>>. [Henta 25.04.2021].

² Prytz. 2020.

Problemstillinga eg har velt er: I kva grad og eventuelt korleis vert kompleksiteten i Mardøla-aksjonen spegla i lokale media?

For å kunne svare på dette har eg laga nokre hjelpestørsmål som skal kunne bidra til å svare på problemstillinga. Desse er: Kven var aksjonistane og bygdefolket som deltok i aksjonen og kva motiv hadde dei? Korleis skildrar avisene aksjonen og aksjonistane? Vert det framstilt som ein protest med eintydig ideologisk bakteppe eller ein meir kompleks framstilling?

1.2. Metode

Denne oppgåva er i hovudsak bygd på avisutklipp frå dei to avisene Sunnmørsposten og Romsdal Folkeblad. Sunnmørsposten er lokalisert i Ålesund og Romsdal Folkeblad var lokalisert i Molde. Avisene har tradisjonelt vore på kvar si side av politikken, der Romsdal Folkeblad var ei arbeiderbladavis og Sunnmørsposten sokna fram til 1977 til partiet Venstre.³ Kjelda til desse er avisarkivet til Nasjonalbiblioteket som har digital tilgang til dei fleste avisene i Noreg.⁴ Nasjonalbiblioteket inngår avtalar med riks- og lokalavisene slik at brukarane til biblioteket kan få gratis tilgang til avisene digitalt. Det er dessverre ikkje alle lokalavisene som i dag har avtale med Nasjonalbiblioteket. Nokre aviser har ikkje avtale med biblioteket, andre har opne tilgangsavtalar med full tilgang, medan andre har avgrensa tilgang. Sunnmørsposten og Romsdal Folkeblad er slike aviser der ein har avgrensa tilgang, der ein må søkje om å få tidsavgrensa tilgang. Noko som har vore med å påverke materialtilgangen. Mardøla-aksjonen varte frå 25. juli 1970 til 26. august 1970. For å treffe flest mogeleg avisutgåver har eg søkt innanfor tidsperioden 20. juli til 31. august. Årsaka til at eg har utvida tidsperioden litt, er fordi eg har hatt håp om å kanskje finne avisklipp som omhandla tida rett før aksjonen og rett etter, for å dermed kunne fange opp så mange artiklar som mogeleg. Eg har brukt søkjeord som skulle dekkje mest mogeleg av tema, som «Mardøla», «Mardøla-saken», «Mardøla-aksjonen». Utifrå desse søkjeorda plukka eg ut dei lokalavisene som hadde omtalt saka i det tidsrommet og med desse søkjeorda. Eg opplevde fort at dette baud på nokre utfordringar. Sjølv med tilgang til avgrensa aviser, så er det ikkje alle avisene i lokalområdet som har avtalar med Nasjonalbiblioteket. Sunndal har avisa Aura avis og Åndalsnes har avisa Åndalsnes Avis, men desse avisene har ikkje dukka opp i den tidsperioda eg har søkt på. Romsdal Folkeblad har også ei konkurrerande avis i Molde, Romsdal Budstikke, men heller

³ Sande, Ø. og Norsk presses historie (2019). «Romsdal Folkeblad». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://snl.no/Romsdal_Folkeblad>. [Henta 29.04.21].; Forr, G. Hetland, T. og Norsk presses historie (2020). «Sunnmørsposten». *Store Norske Leksikon*. Link: <<https://snl.no/Sunnm%C3%B8rsposten>>. [Henta 29.04.2021].
⁴ Nasjonalbiblioteket. (u.å.) «Hvem har tilgang til hva hvor?». Link: <<https://www.nb.no/hjelp-og-informasjon/rettigheter/>>. [Henta 26.03.2021].

ikkje denne avisa har dukka opp i søka mine. Dermed er det avisutklipp frå avisene Sunnmørsposten og Romsdal Folkeblad som har vore gjenstand for mine undersøkingar. Ålesund og Molde er større byar, og ikkje dei nærmaste tettstadane til området. Dette er uheldig fordi ein kan tenkje seg at det ville vore meir naturleg for bygdefolket i Eresfjord og Eikesdal å uttale seg til Aura avis, og for bygdefolket i Rauma å uttale seg til Åndalsnes avis. Likevel har både Sunnmøringen og Romsdal Folkeblad følgd aksjonen jamt medan den stod på og eg vel likevel å bruke materialet. Eg har velt å nytte eit digitalt utklippsverktøy som er med i standardpakka til Windows. Med dette programmet er det mogeleg å ta utsnitt av skjermen og lagre i eit Word-dokument. Eg har då lagra avisutklippa etter avis, dato og sidetal, slik at det skal vere enklare å ha oversikt over kva avis dei stammar frå, når dei er publisert og kvar i avisa ein kan finne dei.

1.3. Tidlegare forsking

I denne delen av oppgåva vil eg presentere kva materiale eg har bygd oppgåva mi på, då med fokus på kjeldene som har vorte nytta. Kjeldene er i hovudsak bøker som omhandlar vasskraftutbygging i Noreg, Mardøla-aksjonen og naturvernets historie i Noreg.

Nils Petter Gleditsch, Åke Hartmann og Jon Naustdalslid gav i 1971 ut boka «Mardøla-aksjonen». ⁵ Gleditsch står som hovedforfattar, men har fått stort bidrag av Hartmann og Naustdalslid. Boka tek føre seg oppbygging til, gjennomføring og etterspel av Mardøla-aksjonen. Denne boka vil vere ei viktig kjelde knytt til informasjon om Mardøla-aksjonen. Gleditsch er professor ved Institutt for Fredsforskning og professor emeritus innanfor statsvitenskap ved NTNU. Gjennom sitt virke har han vore knytt til strukturell ulikhet og systemkritikk, vore med på fredsmarsjar og fredaksjonar. Dette kan ein sjå antydingar av gjennom skildringa av Mardøla-aksjonen.⁶ Boka har fått støtte gjennom ulike forskingsinstansar Gleditsch er knytt til og forfattarane har arbeida tett med, som Samarbeidsgruppa for Natur- og Miljøvern (SNM)⁷ som deltok under aksjonen.

Boka har fått kritikk ved at det har vorte hevda at den har hatt ein einsidig framstilling der ein til dømes ikkje har fått henta inn så stort tilsvart frå motdemonstrantar. Forfattarane svarar at

⁵ Gleditsch, N. P. Hartmann, Å. og Naustdalslid, J. (1971). «Mardøla-aksjonen». Institutt for fredsforskning. Oslo.

⁶ Henriksen Waage, H. (29.05.2019). «A Social Democratic Peace; Nils Petter Gleditsch Interviewed by Hilde Henriksen Waage». PRIO Stories. Link: <<https://blogs.prio.org/2019/05/a-social-democratic-peace-nils-petter-gleditsch-interviewed-by-hilde-henriksen-waage/>>. [Henta 27.02.21].

⁷ Vil frå no av bruke forkortinga SNM om denne organisasjonen.

dei har søkt å få dette til, men at dei ikkje har lukkast med tilstrekkeleg eigenprodusert materiale, og visar dermed til eksterne intervju og utsegn.

Forfattarane har tatt med store delar av datamaterialet i boka slik at det kan ettergås, og dei er ærlege på at dei sympatiserer med SNM, men dei håpar at ved å vere open om dette og å publisere datamateriale så vil dette vere med på å hjelpe leseren til å ta eit kritisk standpunkt⁸. Med dette som utgangspunkt kan det dermed tenkjast at noko av forskingsresultata kan ha ei slagside mot staten og til støtte for aksjonistane i denne boka om Mardøla-aksjonen. Samstundes er forfattarane ærlege på dette og legg opp til at leseren skal kunne ta ei eigen vurdering av dette basert på datamateriale. Dette er viktig å ta med når ein skal ta med informasjon frå boka vidare i denne oppgåva.

På oppdrag frå Statkraft har ulike forfattarar vore med på å skrive tre bokbind som skulle fortelje historia til selskapet frå byrjinga av vasskraftutbygginga i statens regi frå slutten av 1890-talet og fram til 2000. Det første bokbindet har fått tittelen «Statens kraft 1890-1947: Kraftutbygging og samfunnsutvikling» og er skrevet av Lars Thue.⁹ Det andre bokbindet omhandlar åra 1947-1965 og er skrevet av Dag Ove Skjold. Denne handlar om fokuset på velferd og industri, medan Yngve Nilsen og Lars Thue har saman skrevet det tredje og siste bokbindet, med tittelen «Statens kraft 1965-2006: Miljø og marked».¹⁰ I denne oppgåva vil det vere henta fagstoff frå fyste og siste bind, då desse dekkjer oppstarten av vasskraftutbygginga i Noreg som bakgrunnsstoff og tidsperioden rundt Mardøla-aksjonen.

Med hjelp frå ulike historiske forskingsinstitusjonar som Avdeling for økonomisk Historie ved BI, Senter for næringshistorie og innspel frå faghistorikarar og ulike representantar frå Statkraft, har ein oppretta bokkomitéar som skulle arbeide med bøkene saman satt saman.¹¹ Statkraft har velt å ikkje forfatte historia sjølv, og ved å gje ansvaret over til andre, søkt å sørge for større redaksjonell fridom og sikre trygge objektive vurderingar. Ein kan likevel diskutere om forfattarane har latt seg påverke av oppdragsgivaren, for å setje denne i eit meir positivt lys, enn dersom det var ei frittståande utgiving. Til dømes kan forfattarane ha velt eit mildare og meir nøytralt ordlag. Samstundes har dei fått innspel frå økonomihistorikarar og faghistorikarar som kan vere med på å jamne ut dette og vere med på å sikre at ein får ei objektivt framstilling av hendingar og historia. Ein sikrar seg då truleg at det er ei balansert,

⁸ Gleditsch et.al. 1971:1-3.

⁹ Thue, L. (1994). «*Statens kraft 1890-1947: Kraftutbygging og samfunnsutvikling*». Cappelens forlag a.s. Oslo.

¹⁰ Nilsen, Y. og Thue, L. (2006). «*Statens kraft 1965-2006: Miljø og marked*». Oslo: Universitetsforlaget.

¹¹ Thue. 1994:5.; Nilsen og Thue. 2006:13.

fagleg utbreidd historie som kjem fram i bøkene. Ein kan heller diskutere om det kan vere ei perifer forteljing av historia til Statkraft som kjem fram. Bøkene skal dekkje ei lang tidsperiode, frå 1890 og fram til 2000. Dermed er det ganske naturleg at det er ikkje alle deltaljar som kan vere med. Når ein då ser på korleis Mardøla-utbygginga og aksjonen vert dekt i boka, er dette ei kort utgreiing av korleis vedtak og planleggingsfasen har gått over fleire år frå 1955 og fram til 1970 då utbygginga starta og aksjonen oppstod. Ein kjem kort innom tidlegare utbyggingsvedtak, fordelar for og ulemper mot dette, presenterer ulike aktørar/aksjonistar og utfallet. Sjølve aksjonen er berre kort presentert.

Yngve Nilsen har seinare prøvd å klargjere meir motstanden mot vasskraftutbygging i artikkelen «Ideologi eller kompleksitet? Motstand mot vasskraftutbygging i Norge i 1970-årene». ¹² Artikkelen er publisert i Historisk tidsskrift i 2008 og tek føre seg motstanden mot utbygging i Noreg på 70-talet, der den ser på fleire store vasskraftprosjekt og argumenta mot utbygging. Nilsen rettar eit kritisk blikk mot førestellinga om at vasskraftmotstanden var bygd på ideologi og argumenterer heller for at i takt som utbyggingsprosessen vert meir komplisert og kompleks, vart også motstanden tilsvarende kompleks og komplisert.

Bredo Berntsen kom i 1994 ut med boka «Grønne linjer, Natur- og miljøvernets historie i Norge». ¹³ I 2011 vart denne gitt ut i ny utgåve og det er denne eg har nytta i mi oppgåve. Boka gir ei oversiktleg framstilling av norsk naturvernhistorie, der den tek føre seg naturvernet gjennom ulike tiår frå Noregs spede byrjing i sagatida, gjennom 17-og 1800-talet og tek med korleis industrialiseringa og dei to verdskrigane påverka vasskraftutbygging og naturvern fram til 2010 som var FNs naturmangfaldsår. Denne nye utgåva tok sikte på å vidareføre historia frå 1990-talet og fram til 2010, då dette av naturlege årsaker ikkje var med i utgåva frå 1994. Boka har vore brukt som oversikt- og referanseverk for norsk natur- og miljøvern. Hovudfokuset i boka er utviklinga av vernearbeidet for natur og miljø, der naturvernet fekk si storheitstid frå 1960-talet og utover. ¹⁴ Forfattaren legg vekt på korleis arbeidarrørsla og kapitalistane har stått stødig saman for å oppnå økonomisk vekst, med nedbygging av naturressursar- og verdiar. Berntsen tek med korleis verneplanane for naturvern, og då spesielt vassdragsvern, har gått føre seg og korleis konfliktane rundt vassdragsutbygging fekk konsekvensar for kommande verneplanar og miljøpolitikk. Dermed

¹² Nilsen, Y. (2008). «Ideologi eller kompleksitet? Motstand mot vannkraftutbygging i Norge i 1970-årene», *Historisk tidsskrift* 01/2008 (volum 87).

¹³ Berntsen, B. (2011). «*Grønne linjer – Natur- og miljøvernets historie i Norge*». Otta. Unipub.

¹⁴ Berntsen. 2011:9.

kjem han inn på perioden før og etter Mardøla-aksjonen og kan seie noko om korleis denne aksjonen påverka dei kommande aksjonane mot vasskraftutbygging, som Alta-aksjonen, men også korleis den påverka miljøpolitikken fram mot utarbeidingane av nye verneplanar. Boka er sterkt prega av Berntsens nære forhold til Naturvernforbundet og miljørørsla.¹⁵

Ingrid Røise Kielland gav i 2017 ut boka «Natur og ungdom – Aksjonene som endret norsk miljøkamp».¹⁶ I denne boka tek ho føre seg dei større aksjonane for natur- og miljøvern frå 1960-talet og fram til 2010-talet. Boka er skreve på oppdrag av organisasjonen Natur og Ungdom, med bakgrunn i deira arkivmateriale og intervju med tidlegare medlemmar, i tillegg til innspel om den historiske konteksten frå historikarar. Boka nemner Mardøla-aksjonen som ein av dei store inspirasjonskjeldene til vidare ungdomsaksjonar for naturvern for organisasjonen Natur og Ungdom.

Erlend Hestness har skreve ei masteroppgåve i historiedidaktikk, våren 2020 for Universitetet i Stavanger.¹⁷ Denne omhandlar dei ulike verneplanane for vassdrag og korleis synet på naturvern og miljøomsyn kan sporast i dei ulike planane. Avhandlinga tek også med dei største konfliktane knytt til vasskraftutbygging, som Mardøla-aksjonen og Alta-aksjonen og korleis motstanden mot utbygging auka gjennom 70-90-åra.

Ingrid Fadnes har i podkasten «Hele Historien» av NRK, laga to episoder som omhandlar Mardøla-aksjonen. Desse er publisert 15.09.20. og har fått tittelen «Slaget om fossen». Episodane omhandlar opptakta til, gjennomføring av og etterspela til aksjonen. Ein har tatt med lydklipp henta frå filmen av Oddvar Einarson frå 1972, «Kampen om Mardøla», der ulike aktørar vart intervjua, men ho har også intervjua enkelte av deltakarane som deltok i aksjonen då dei var yngre, i løpet av våren og sommaren 2020.¹⁸

¹⁵ Hestness, E. (2020). *Verneplanene for vassdrag. Verdier og vern av vassdrag i Norge. 1970-1993.* (Masteravhandling). Universitetet i Stavanger, Stavanger. S. 9.

¹⁶ Kielland, I. R. (2017). «*Natur og ungdom – aksjonene som endret norsk miljøkamp*». Oslo. Cappelen Damm.

¹⁷ Hestness. 2020:9.

¹⁸ Fadnes, I. (15.09.2020a). Slaget om fossen [1:2] I Alsaker, L og Saugestad K. *Hele Historien*. Link: <https://radio.nrk.no/podcast/hele_historien/sesong/slaget-om-fossen>. [Henta 16.02.21]. ; Fadnes, I.

(15.09.2020b). Slaget om fossen [2:2] I Alsaker, L og Saugestad K. *Hele Historien*. Link:

<https://radio.nrk.no/podcast/hele_historien/sesong/slaget-om-fossen>. [Henta 16.02.21].

2.0 Bakgrunnshistorie

I denne delen av oppgåva vil det verte presentert bakgrunnshistoria til vasskraftutbygginga i Noreg som då strekkjer seg i grove trekk frå 1890 og fram til Mardøla-aksjonen i 1970. Dette er ei lang historie som ein kunne tatt med mykje frå, men på grunn av omfang tek eg berre med det viktigaste. Vidare vil det vere eit delkapittel om eit gryande merksemd på natur- og miljøvern som oppstår i etterkrigstida.

2.1 Vasskrafthistorie i Noreg

Noreg har store fordeler knytt til vasskraft. Frå Nordsjøen siv tunge regnfulle skyer inn og tømmer seg når dei treff dei norske fjella og vatnet straumar nedover dei bratte fjellsidene og ut i havet igjen. Soleis har Noreg gunstige lokaliseringsførehold for produksjon av vasskraft til industri, då spesielt aluminiumsproduksjon og etter kvart også eit aukande privat bruk.¹⁹ For å kunne starte utbygging måtte ein skaffe seg fallrettane til elvane. I Noreg var det i stor grad lokale bønder som sat med eigarskap til desse, då dei hadde jordbruk langsmed elvebreiddene, og som gjerne ikkje hadde kunnskap om kva verdi dei sat på. Desse fallrettighetene vart i stor grad gjenstand for spekulasjon av omreisande spekulantar som igjen selte rettighetene med store fortenerster til kraftselskap, som igjen kunne bygge ut slik dei ville.²⁰ For å sokje å regulere dette, vedtok Stortinget konsesjonslovane i 1906. Lovane hadde ein klausul, kalla heimfallsretten, som innebar at retten til å utnytte vassfallet, gjekk attende til staten etter 60-80 år. Konsesjonslovane medførte at det var dei politiske myndighetene som avgjorde korleis naturressursane skulle utnyttast og utbyggingane skulle behandlast av Stortinget først. Noko som ein seinare kan sjå fekk følgjer for lokale myndigheter og befolkning.²¹

Denne interessa for å sikre statleg eigarskap over norske ressursar var ikkje særnorsk, men ein fann same tendensane andre stadar i Europa.²² Det var ikkje berre staten som tok del i oppkjøp av fallrettar, også miljøorganisasjonar tok del i dette med formål om vern. Allereie i 1898 kjøpte Den Norske Turistforeining fallrettane for å hindre utbygging av Skjeggedalsfossen og Tyssestrengene i Hardanger i tillegg til fleire vassdrag etter kvart.²³

¹⁹ Svarstad, H. (1992). «Norsk vannkraft. Næringsutvikling og miljøkonsekvenser hjemme og ute. Vardøger No. 21.

²⁰ Gleditsch et.al. 1971:7.

²¹ Svarstad. 1992:62.

²² Thue. 1994:70.

²³ Nilsen og Thue. 2006:90-91.

Mens kraftutbygginga før 1920 i hovudsak føregjekk i privat regi, vart det etter dette i stor grad staten med fylkeskommune og kommune som tok meir og meir over utbygginga av kraftverk i Noreg, i form av større eller mindre eigarandelar. Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen²⁴ vart oppretta i 1921 med hensikt å ha overoppsyn med det statlege ansvaret. Underlagt NVE finn ein forvaltingsbedrifa Statskraftverkene²⁵ som stod for bygging og drift av statlege kraftverk og kraftleidningar.²⁶ I åra rett etter første verdskrig var det stor økonomisk optimisme og ein hadde stor tru på at staten gjennom NVE skulle sikre storstilt utbygging av vasskraft og el-forsyning i Noreg. Etter kvart som marknaden ute i Europa vart därlegare sank etterspurnaden på kraft, noko også førte til nedgang i vasskraftutbygginga nasjonalt.²⁷

Under krigen vart det av okkupasjonsmakta sett i gang ein rekke utbyggingsarbeid (under tysk leiing). Det var ambisjonar om at Noreg skulle verte senter for Nord-Europas kraftforsyning og sikre Tyskland aluminium til krigsfly, gjennom storstilt auka utbygging av aluminiumsindustri.²⁸ Etter krigsåra vart det stor politisk einigheit om satse vidare på utvikling av kraftkrevjande eksportindustri. Kraftutbygging vart dermed eit sentralt statleg satsingsområde. Denne kraftutbyggingsbølja varte heilt fram til 70-talet. Då var Noreg ein av Europas største eksportørar av aluminium. Det var då dags for eit nytt skifte i utbyggingsfasen for norsk vasskraft, då ein i større og større grad fekk motstand i form av miljøorganisasjonar og lokale krefter som var lei av at staten, med sin sentraliseringsfokus skulle ha råderett over lokale vassressursar utan lokal forankring.²⁹ Dette vert sett nærmare på i neste delkapittel om naturvern og miljø.

2.2. Natur- og miljøvern i Noreg.

I etterkrigstida, frå 1950-talet hadde hovudfokuset vore å få så mange som mogeleg av innbyggjarane i Noreg i arbeid, dette vart gjort ved å byggje ut, byggje opp og demme ned, dei naturressursane Noreg hadde så mykje av. Det vart satt få spørsmålsteikn ved omfanget og konsekvensane. Kraft trengte ein, og om ei elv eller ein foss vart drenert til kraftproduksjon, var dette ein pris politikarane var villig til å betale. Krafta skulle sørge for velstand og få fart på den energikrevjande industrien i Noreg. Aluminium og jern skulle utvinnast og papir og gjødsel produserast. Det var få eller ingen plan for avfall eller tanke for korleis produksjonen

²⁴ Forkortinga NVE vil brukast vidare i oppgåva.

²⁵ Samtidas namn på dagens Statkraft.

²⁶ Thue. 1994:96.

²⁷ Thue. 1994:97.

²⁸ Svarstad. 1992:64.

²⁹ Nilsen og Thue. 2006:46.

påverka natur og miljø.³⁰ I tiåra som kom byrja det å komme protestar, i form av eit gryande fokus på natur og friluftsliv som delar av arealplanlegginga. Tidlegare hadde fysisk arealplanlegging eit klassisk føremål om å identifisere økonomiske viktige naturressursar, for å hindre at desse låg u-utnytta eller såkalla «brakke». Målet var at desse skulle kartleggast og utnyttast så lønnsamt som råd.³¹ Naturen vart dermed sett på som ein ressurs som kunne utnyttast for å sikre velstand i samfunnet.³² Freding av område eller objekt var ikkje hovudmålet, men kunne vurderast dersom økonomiske interesser knytt til turisme kunne vegast tyngre enn økonomisk utnytting.³³ Dette synet utvikla seg etter kvart til at ein på 50-talet kunne gå langt i å sjå naturvern og friluftsliv i eit samfunnsøkonomisk perspektiv der rekreasjon og naturopplevingar var viktig for befolkninga for å oppretthalde eit kvardagsliv der ein i stor grad hadde eit mekanisert og monoton arbeidsliv. Eit skilje mellom fritid og arbeidstid vart då viktig der ein kunne utnytte fritida i naturen slik at arbeidstakaren skulle halde ut eit effektiv og hektisk arbeidsliv. Med dette som bakgrunn kom det ein lov om naturvern i 1954, samt oppretting av Statens friluftsråd og Statens naturvernsråd.³⁴ Statsminister Einar Gerhardsen kom i 1960 med innspelet at det er ein nasjonal oppgåve å bevare fjellviddene og hindre at det vert gjort uoppretteleg skade på dei som kommande slekter ikkje kan gjere godt igjen.³⁵ Ein hadde då gått frå å sett på naturen som eit middel til å få folk i arbeid, til å få ei større rolle knytt til rekreasjon og friluftsliv.

Det var ikkje berre her i Noreg at ein såg verdien av naturen og det vart stilt aukande spørsmål kring nedbygging av naturressursar. I takt med at den industrielle og økonomiske veksten auka sterkt ute i verda, vart det også auka fokus på natur og eventuell forureining denne utbygginga førte med seg. Den amerikanske biologien Rachel Carson kom i 1962 ut med boka *Silent Spring*, eller på norsk, *Den tause våren*. Denne boka kom som ein augeopnar på folk og omhandla den utbreidde og ukritiske bruken av miljøgifter for å halde bukt med utfordringar kring insekt innanfor jord- og skogbruk. Kritikken kom av at dette hadde ukjende konsekvensar for dyr- og fugleliv og påverka i negativ forstand naturens balanse.³⁶ Avrenningar frå jordbruk og skogbruk hamna også etter kvart i elvane og forårsaka fiskedød og algeoppblomstring. Biologar og naturverninteresser internasjonalt hadde lenge stilt

³⁰ Kielland, I. R. (2017). «*Natur og ungdom – aksjonene som endret norsk miljøkamp*». Oslo. Cappelen Damm. S. 26.

³¹ Nilsen og Thue. 2006:76.

³² Hestness. 2020:16.

³³ Nilsen og Thue. 2006:76.

³⁴ Nilsen og Thue. 2006:77.

³⁵ Nilsen og Thue. 2006:76.

³⁶ Berntsen. 2011:149.

spørsmål kring dette, men alle kritiske rørsler vart avfeia, då økonomisk vekst og industrialisering var viktig for å bygge opp igjen verda etter to øydeleggande verdskrigar. Då boka til Carson kom ut fekk den stor internasjonal merksemd, og sjølv om den vart forsøkt avfeia av industrien, kunne ein ikkje lenger lukke auge og øyrer for protestar mot utbygging. Omgrep som økologi og økosystem vart kjente ord og komitear vart oppretta for å undersøke og sikre korleis ein kunne leggje inn reguleringar for bruk av kjemiske stoff, vasskraftregulering, vassforureining og luftforureining.³⁷ Det veks fram ein forståing om at ein berre har ei jord og at det må vere eit likeverdig utnytting og bevaring av naturen. Ein Gullhår-planet (Goldilocks Planet) der ein må ha eit jamt forhold mellom varmt og kaldt for at det skal vere leveleg for organismane på jorda.³⁸ Med dette som bakteppe kan ein gradvis sjå at natur- og miljøvern fekk gradvis meir og meir fokus, utan at det var ledande når det kom til vasskraftutbygging i Noreg. Fortsett vart økonomisk utnytting av ressursane viktigast, men naturvern fekk meir å meir å seie for lokalbefolkningane ved utbyggingsvassdraga og etter kvart vart løfta opp på nasjonalt politisk nivå. Mardøla-aksjonen fekk her mykje å seie for akkurat dette.

3.0 Mardøla-aksjonen

I denne delen vert Mardøla-aksjonen presentert, først med bakgrunnen for vasskraftutbygginga i Mardøla og aksjonen, så kven som deltok i aksjonen, med deltakarar frå SNM og bygdefolket i Eresfjord og Eikesdalen. Så ein gjennomgang av korleis aksjonen gjekk føre seg med analyse og drøfting knytt til avisene Romsdal Folkeblad og Sunnmørsposten. Til slutt litt om kva etterspel aksjonen fekk for bygdene og miljøpolitikken i Noreg.

3.1. Bakgrunn for utbygging

Elva Mardøla ligg i Nesset kommune i Møre og Romsdal og renn ut i Eikesalsvatnet i Eikesdalen. Namnet kjem av to små elver, Austre og Vestre Mardøla og tre fossar.³⁹ Bygda hadde ikkje vegforbindelse og ein var avhengig av ferje over vatnet for å komme vidare til den litt større tettstaden Eresfjord. Av dei tre elvene er det Austre Mardøla som var mest kjent fordi der var det opphavleg to fossar med samla fall på over 500 meter. Dersom det var stor nok vassføring så gjekk fossane saman og utgjorde Mardalsfossen, Nord-Europas høgste loddrette fossefall. På grunn av dette har fossen vore ein stor turistattraksjon. På bakgrunn av

³⁷ Berntsen. 2011:152.; Warde, P. Robin, L. og Sörlin, S. (2018). *"The Environment: A History of the idea"*. Maryland: John Hopkins University Press. S. 7-8.

³⁸ Warde, Robin og Sörlin. 2018:2.

³⁹ Gleditsch et.al. 1971:4.

dette prøvde Den Norske Turistforeining allereie i 1955 å få fossen freda, men mislukkast med dette.⁴⁰ Då Statkraftverkene skulle byrje med utredning for utbygging av fossen med tanke på kraftwerkformål, var dette med førehald om at fossen skulle sleppast fri med ei viss vassføring i sumarhalvåret med tanke på turisme. I tillegg var det førespegla auka næringsgrunnlag i bygda i form av kost og losji av arbeidarane under utbyggingsfasen og faste arbeidsplassar i driftsfasen. Dette var kjärlig i eit lite bygdesamfunn der hovudnæringa i stor grad var jordbruk, med fangst- og fiske som biinntekt. Lokalbefolkinga var i utredningsfasen positive til vasskraft fordi dei då rekna med auka næringsgrunnlag i bygda med nye arbeidsplassar og dei positive ringverknadane det ville føre med seg. Men etter kvart som utbyggingsplanane vart gjort greie for og vedtatt, viste det seg å vere noko heilt anna som vart vedtatt enn det lokalbefolking og kommunen vart førespegla. Det er dette som er utgangspunktet for Mardøla-aksjonen som oppstod i 1970. Mardøla-aksjonen utmerka seg fordi det for fyste gong i norsk samanheng vart gjennomført eit samarbeid mellom bygdefolk og organisasjonar for natur- og miljøvern. Sivil ulydighet vart nytta for fyste gong i denne samanhengen.⁴¹

Då innbyggjarane i Eikesdalen selte fallrettigheitene til ein engelskmann i 1906, var dei lova kraftutbygging i dalen. Engelskmannen selte det tidleg vidare med høg forteneste til kraftselskapet A/S Aura og selskapet fekk konsesjon til utbygging i 1913, men det var ikkje før etter krigen, i 1949, nærmare førti år etter salet at det vart tatt eit avgjerande vedtak om utbygging i Stortinget.⁴² Det skulle byggast aluminiumsverk på Sunndalsøra og dette trengte stor tilførsel av energi. Auravassdraget som gjekk frå Aursjøen til Eikesdalsvatnet, vart i 1958 avgjort å demmest opp og førast i rør gjennom fjellet til Sunndalsøra. Dette var eit såkalla «Takrenneprosjekt» som førte til auka vasskraft til kraftverket i Sunndalsøra.⁴³ Dette førte igjen til at det vart kraftig redusert vassføring i Eikesdalen og Eresfjord, og det var no berre Mardøla som gav grunnlag for tilstrekkeleg vatn til jordbruket. Nesset kommune protesterte heftig på dette, allereie i 1959 då Takrenneprosjektet vart behandla på Stortinget. Protesten omhandla at store delar av vassressursane i Eikesdalen og Eresfjord skulle førast vekk for å komme andre lokalsamfunn til gode.⁴⁴ Protestane mot utbygging omhandla at mindre vassføring i elvene ville kunne gje lågare vasstand i Eikesdalsvatnet og lågare grunnvatn som

⁴⁰ Nilsen og Thue. 2006:90.

⁴¹ Gleditsch et al. 1971:4.

⁴² Gleditsch et.al. 1971:7.

⁴³ Gleditsch et.al. 1971:8.

⁴⁴ Nilsen og Thue. 2006:92.

då ville kunne få følgjer for jordbruk, fiske og for ferjeforbindelsen på Eikesdalsvatnet. Anleggsarbeidet kunne også skade fisk- og fangst mogelegheiter på fjellet. Det vart i tillegg nemnt at rekreasjonsmogelegheiter i området ville ta skade. Alt dette ville kunne føre til nedgang i folketal på grunn av redusert næringsgrunnlag, noko som igjen kunne føre til at skulen kunne risikere å verte nedlagt.⁴⁵ Det fanst erstatningsordningar som skulle hjelpe på med avbøtande tiltak som bygging av veg og tiltak for å skåne fisket. I tillegg ville Nesset kommune kunne få kompensasjon for å lindre utfordringane utbygginga ville ha, men det var ingen garanti for at dette kom spesifikt Eikesdalen og Eresfjord til gode.⁴⁶

Som nemnt tidlegare vart det i utbyggingsplanen for Mardøla lagt inn mogelegheiter for at ein skulle kunne «skru på» delar av fossen i sumarhalvåret for at det fortsett skulle vere eit turistmål i framtida. Dette var også fordi ein såg det som ein måte å dempe konfliktnivået på og som ein framtidig mogelegheit å føre vatnet for fullt tilbake i fossen på permanent grunnlag dersom ein såg at ein ikkje trengde vasskrafta lenger.⁴⁷ Då Statkraftverkene la fram dei vidare utbyggingsplanane for Mardøla var det dermed forventa frå innbyggjarane i Eikesdalen og i Nesset kommune at dersom det vart utbygging så skulle dette skje i Eikesdalen. Det vart stor skuffelse då planane kom og ein såg at utbygging i Eikesdalen berre var eit av to alternativ. Det andre alternativet var å føre vassdraget vekk frå dalen og heller legge opp til kraftbygging ved Grytten i Romsdalen.⁴⁸ Dermed ville magasinkommunen og produksjonskommunen ikkje få likeverdig utbytte av utbygginga. Ved tilsvarande utbyggingar tidlegare hadde ein klart å få til einighet mellom kommunane slik at begge kom godt ut av situasjonen, med god hjelp frå fylkeskommunane som meglar. Men i denne samanhengen måtte kommunane komme til einighet saman. Møta og meklinga mellom Nesset og Rauma braut saman og vidare samtaler førte ikkje fram. Dermed stod Nesset kommune aleine mot kraftutbygginga av Mardøla.⁴⁹

Utbygging av fossen og dei naturinngrepa det representerte, i tillegg til utfordringar dette ville ha for næringsgrunnlaget i Eikesdalen, vart venta kompensert med utbygging i bygda og positive ringverknadar frå dette. Når det no var eit konkurrerande alternativ som kunne veljast, kom svært skuffane på lokalbefolkinga og kommunen. Det var nettopp denne sisteneimte løysinga, med utbygging ved Grytten i Romsdalen, Statskraftverkene gjekk inn

⁴⁵ Gleditsch et.al. 1971:18.

⁴⁶ Gleditsch et.al. 1971:18.

⁴⁷ Gleditsch et.al. 1971:9.

⁴⁸ Nilsen og Thue. 2006:92.

⁴⁹ Nilsen. 2008:70.

for. Argumenta for dette var at Grytten-alternativet var det billigaste utbyggingsalternativet, i tillegg til at anleggsarbeidarane og seinare sysselsette ved kraftstasjonen kunne bu betre i Åndalsnes enn i forholdsvis perifere Eikesdalen.⁵⁰ For Nesset kommune og innbyggjarane i Eikesdalen og Eresfjord var dette sjokkerande, då vedteke vart tatt. Det var heller ikkje kome noko konkrete lovnadar om korleis ein skulle kompensere bygdene og kommunen. Nesset kommune gjorde det klart at dei ville protestere med alle lovlege middel dei visste om, først og fremst ville dei stemne staten for retten.⁵¹

3.2. Naturvernarane og bygdefolket

Aksjonistane bestod i hovudsak av medlemmar av SNM og bygdefolk frå Eresfjord og Eikesdalen. I starten var det 30-40 aksjonistar i teltleiren, men på det meste vart det opp mot 500 aksjonistar tilstades, supplert med ungdom frå Jazzfestivalen i Molde og tilreisande frå fleire delar av landet. Ikkje-valdsaksjonen vakte stor merksemd og varte ein månad før dei gjenverande aksjonistane og hovudmennene vart bere vekk av politiet. Kven var desse frontfigurane blant aksjonistane?

Sigmund Kvaløy var ein kjent naturfilosof, miljøaktivist og samfunnsanalytikar. Han var oppvokst i Lom i Ottadalen og gjekk Flyvåpenets tekniske skule der han arbeida som sersjant og flymekanikar fram til 1958. Kvaløy byrja på filosofistudier og etter levert avhandling fekk han innvilga utanlandsstipend til Columbia Universitet i New York. Storbyen var ikkje heilt innanfor komfortsona til ottadølen og han bestemte seg for å heller arbeide for natur- og miljøvern i Noreg. Vel tilbake i Noreg starta han opp som doktorgradsstipendiat for Zoologiske Institutt ved UiO og arbeida intenst med økofilosofien sin, der Arne Næss var vgleiar.⁵² For å utvikle økofilosofien ytlegare var han med på stiftinga av miljøorganisasjonen SNM i 1969.⁵³ Organisasjonen var tufta på økofilosofi der forståinga om at eit sterkt økosystem hadde større overlevingspotensial dersom ein tok vare på mangfoldet i systemet. Dette kunne overførast til den nye forståinga om systemtenking som hadde oppstått innanfor det biologiske fagmiljøet.⁵⁴ Kvaløy var ein forkjempar for fredelege protestmetodar og hadde Ghandi som sitt førebilete, der ein kunne praktisere sivil ulydighet og ikkje-vald for å få fram sitt bodskap, som i denne samanhengen var motstanden mot vasskraftutbygging⁵⁵.

⁵⁰ Nilsen og Thue. 2006:92.

⁵¹ Nilsen og Thue. 2006:92.

⁵² Berntsen, B. (2009, s.e. 25.02.20). «Sigmund Setreng». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://nbl.snl.no/Sigmund_Setreng>. [Henta 08.03.21].

⁵³ Nilsen og Thue. 2006:93.

⁵⁴ Nilsen. 2008:71.

⁵⁵ Nilsen. 2008:73.

Kvaløy såg Mardøla-konflikta som eit uforsvarleg industrisamfunn som held på å øydelegge mangfaldet i naturen, noko som førte til at den økologiske kompleksiteten vart brote ned. Det var dermed ei plikt hos naturvernara å søkje å stoppe prosessen gjennom ikkje-valdelege metodar.⁵⁶ Sivil ulydighet hadde lenge vorte brukt som verkemiddel i form av streik og demonstrasjonar for arbeidarrørsla. Som effektive kampmiddel hadde desse gjerne vore avgrensa til byar og tettstadar. Dermed kan ein seie at det er ein nytenkande affære å bruke dette verkemiddelet innanfor naturvern, då desse gjerne skjedde i grissgrendte strøk med få om nokon tilskodrarar. Samstundes hadde naturvern lenge nytta massemedia som kampmiddel, og ved å kombinere desse to verkemidla, hadde Kvaløy skote gullfuglen.⁵⁷

Arne Næss var ein kjent filosof og intellektuell knytt til Universitetet i Oslo der han arbeida som professor innanfor filosofi. Han var med på å skape eit mangfaldig filosofisk fagmiljø og har prega mange generasjonar av studentar med lærebøker innanfor logikk, filosofihistorie og argumentasjonsteori, i tillegg til eit breidt mangfald av fagfilosofiske tekstar.⁵⁸ Næss utvikla radikale, pasifistiske haldningar inspirert av Mahatma Gandhi og hans ikkjevald-kamp i India. Desse fekk han gjennom sine studiar i utlandet og deltaking under motstandsarbeid under andre verdskrig.⁵⁹ Miljøet rundt han, deriblant Sigmund Kvaløy, følte seg forplikta til å fremje fredsarbeid på vitskapeleg grunnlag, der dei retta spesielt eit kritisk lys mot politikken under den kalde krigen. Næss ville arbeide vidare med dette, i tillegg til utvikling av miljøfilosofi, både på universitetet og vidare etter at han gjekk av som professor i 1970, 58 år gammal. Næss vart kontakta av Sigmund Kvaløy i midten av august 1970 med førespurnad om han kunne tenkje seg å delta på siste delen av Mardøla-aksjonen. Næss takka ja og var med den siste veka av aksjonen ved Sandgrovbotn. Han ar ein av ei handfull aksjonistar som vart bert vekk av politiet 26 august 1970.⁶⁰

Odd Einar Dørum har i si levetid vore knytt til partiet Venstre både som ungdomspolitikar, politikar, stortingsrepresentant og statsråd. Han har også vore aktiv innanfor samfunnspolitisk arbeid ved å delta i aksjonsgrupper, bystyre, storting og regjering. Dørum har bakgrunn som sosisjonom frå Spesialskulen i Trondheim, der han også har vore tilsett som høgskulelektor.

⁵⁶ Anker, P. (2020). "The Ecophilosophers". In *The Power og the Periphery: How Norway Became an Environmental Pioneer for the World* (Studies in Environment and History, pp. 45-74). Cambridge: Cambridge University Press. S. 70.

⁵⁷ Nilsen og Thue. 2006:93.

⁵⁸ Bostad, I. (2009, s.e. 17.05.2011). «Arne Næss». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://nbl.snl.no/Arne_N%C3%A6ss - 1>. [Henta 15.03.21].

⁵⁹ Bostad. 2009.

⁶⁰ Fadnes. 2020b:25.40.

Han var tiltrekt av politikken til venstre og deira forsøk på å kombinere det liberale og det sosiale, der fridom for den enkelte med ansvar for fellesskapet stod i fokus.⁶¹ Dørum var ungdomspolitikar i Venstre då han var med på Mardøla-aksjonen juli og august 1970. Han vart utfordra av ein journalist til å vere med til Eikesdalen og Mardøla. Dørum takka ja og vart med på aksjonen. Han var også ein av aksjonistane som vart bert vekk av politiet 26 august 1970.⁶²

Bygdefolket bestod i hovudsak av lokale menn og kvinner frå Eikesdalen og Eresfjorden. Kven var dei viktigaste personane blant bygdefolket? Og kva ville dei oppnå? Desse menn og kvinnene hadde sett at bygdene og levebrødet deira gradvis vart forringa ved tap av vatnet deira, med store konsekvensar for landbruk, jakt og fiske. Dette skjedde samtidig som at debatten kring bygde-Noreg spissa seg, der det var diskusjon om ein fortsett skulle dyrke jorda eller om det var arbeid på anlegg og industri som skulle sikre framtida.⁶³ I regionen var det ein beinhard strid. Det var ynskjeleg at Åndalsnes også skulle få ta del i oppblomstringa og bli eit industrisamfunn, på same måte som Sunndalsøra hadde fått i dei to føreståande vasskraftoverføringane. Det gjerast fleire forsøk om å overtale bygdefolket om å støtte utbygging, utan å lukkast nemneverdig.⁶⁴

Då innstillinga frå industrikomiteen kom om å vedta utbygging og dette gjekk igjennom i Stortinget, vart det stor forbitring i bygdene Eresfjord og Eikesdal. Olav Utigard, ein sauebonde frå Eikesdalen, vart intervju av lokalreporterar frå NRK. Han uttalar at dei er skuffa over myndighetene og at det er vanskeleg å gløyme korleis dei har vorte behandla. Han legg til at det er ei stor bitterheit og skuffelse i lokalbefolkninga.⁶⁵ Han opplevde at det hadde blitt vanskelegare å drive med landbruk på garden sin etter dei to tidlegare vasskraftutbygginga ved Aura og frykta utfallet dersom Mardøla også skulle byggjast ut.⁶⁶ Utigard hadde opplevd at grunnavstanden hadde minka og kvalitet på dyrka mark hadde blitt dårligare, og fryktar no at det vert enda verre for bøndene i dalføret. Dette er ein forståing knytt til at samspelet i naturen øydeleggast og har store konsekvensar for livsgrunnlaget lokalt.⁶⁷ Dette kan i stor grad linkast til det Sigmund Kvaløy og naturvernarnarane har som mål å

⁶¹ Hompland, A. (2009) «Odd Einar Dørum». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://nbl.snl.no/Odd_Einar_D%C3%B8rum> [Henta 15.03.21].

⁶² Augestad. 2020:20.

⁶³ Fadnes. 2020a:09.33.

⁶⁴ Fadnes. 2020a:09.50.

⁶⁵ Fadnes. 2020a:11.23.

⁶⁶ Fadnes. 2020a:03.00.

⁶⁷ Fadnes. 2020a:04.00.

belyse. Kvaløy sa sjølv at «Et sterkt strukturert mangfold har det største overlevelsespotensial [...] der en gjennom et mangfold av nisjer, står et samfunn sterkere overfor forstyrrelser utenfra enn et mindre komplekst system».⁶⁸ Med denne tankegangen søkte han å fremje mangfald i ein vid forstand, der lågteknologiske bygdesamfunn var like viktige som urørt natur for samfunnet som heilheit. Utbyggingsmotstanden hadde då ein ideologisk bakgrunn, spesielt hos naturvernarnarane, men også hos enkelte av bygdefolket. Utigard bidrog der han kunne under aksjonen, til dømes ved å smi lenkjene som lenkegjengen brukte til å lenke seg fast i grunnen på tvers av anleggstraseen.^{⁶⁹}

Anne Nerås Nerland var lærarinne ved skulen i Eikesdal og engasjerte seg aktivt i aksjonen saman med resten av lokalsamfunna. Ho var uroa over følgjene vasskraftutbygginga kunne ha for dalen og familiene som budde der. Dersom familiene fekk livsgrunnlaget sitt redusert eller øydelagt på grunn av manglande vatn til jordbruk og dyrehald, kunne fleire av dei potensielt måtte flytte. Butikk og skule kunne verte nedlagt og flytta på grunn av manglande kundar og elevar.^{⁷⁰}

Kolbjørn Lervoll frå Eresfjord var fast bestemt på at vedtaket om utbygging av Mardøla måtte stoppast og det vart lagt spede planar om ein form for protest.^{⁷¹} På same tid ser Sigmund Kvaløy og SNM seg om etter eit ein eigna stad for ein direkte aksjon mot nedbygging av naturressursar. Når debatten om Mardøla startar fylgjer dei spent med. Dei etablerar ei eiga gruppe og arbeider for at vassdraget skal fredast og praktisera lobbyverksemド opp mot politikarar på Stortinget for å nå dette målet.^{⁷²} For miljøaksjonistane var det snakk om overlevelsесmogelegheitene til våre barn og barnebarn, og at desse stod på spel.^{⁷³} Sigmund Kvaløy og SNM kom først i kontakt med Lervoll då dei ville sjå på mogelegheitene for ein aksjon og vart glade då dei fann folk med same mening som dei og som var klare til å yte motstand.^{⁷⁴} Gardane i Eikesdal vart på kort tid omgjort til operative sentralar der det vart ringt rundt for å mobilisere folk til å delta i aksjonen.^{⁷⁵} Lervoll bidrog sjølv under aksjonen ved å bruke sitt eige sjøfly til å frakte post og forsyningar opp til aksjonsleiren. Bygdefolket såg utbyggingsvedtaket som ei styrt og tvungen nedlegging av bygda.^{⁷⁶} Dei såg dette som eit fullt

^{⁶⁸} Nilsen. 2008:73.

^{⁶⁹} Fadnes. 2020a:04.00.

^{⁷⁰} Fadnes. 2020b:07.40.

^{⁷¹} Fadnes. 2020a:12.20.

^{⁷²} Gleditsch et.al. 1971:27.

^{⁷³} Fadnes. 2020a:06.30.

^{⁷⁴} Fadnes. 2020a:12.45.

^{⁷⁵} Fadnes. 2020a:14.35.

^{⁷⁶} Fadnes. 2020b:13.20.

mogeleg resultat og som dei måtte søkje å gjere det dei kunne for å protestere mot og hindre. Den felles aksjonen mellom miljøvernara og bygdefolket bestemte seg for å ta i bruk sivil ulydighet, ei aksjonsform som ikkje var brukt i Noreg før i naturvernsamanheng. Etter felles organisering og planlegging er dei no klare til å slå til.⁷⁷

Mardøla-aksjonen bestod dermed av menneske som kjempa for sine barn og barnebarns nødvendige livsmiljø og framtid på lokalt nivå. Men også av naturvernaraane som i stor grad deltok i aksjonen ved Mardøla for å aksjonere mot det dei meinte var ein nasjonal og internasjonal nedbygging av naturressursane. Måla til dei to gruppene var i stor grad forskjellege, der den eine gruppa håpte på å stoppe utbygginga ved dette vassdraget, ville den andre gruppa i første omgang prøve å redde dette vassdraget, men også sende ut eit signal til myndighetene og Noregs befolkning om at ein måtte bremse nedbygging av naturressursar på landsbasis. Ved å velje ut ei elv og ein sak var dei med på å trekke trådane ned til eit lokalt eksempel, som gjorde det haldbart og forståeleg for folk flest i resten av landet kva det var som stod på spel. Fleire av aksjonistane var høgt utdanna menneske, med Sigmund Kvaløy i spissen. Gjennom utdanninga si hadde han studert og reist rundt i verda og vorte påverka av ulike miljø der natur, økologi og naturvern hadde auka fokus.⁷⁸ Kvaløy var overtydd om at ein ikkje-valdeleg aksjonsform med sivil ulydighet var vegen å gå og fekk med seg bygdefolket på dette.

Bygdefolket i Eresfjord og Eikesdalen hadde eit heilt anna utgangspunkt. Jordbruksamfunnet dei var ein del av hadde i stor grad vore avhengig av naturen rundt seg for å få arbeid og mat på bordet. Dermed var dei veldig sårbare når det kom endringar i naturmiljøet rundt dei. Olav Utigard hadde sett at garden og markane hans fekk mindre vatn og dermed dårlegare avlingar etter første utbygging av Aura-vassdraget, og var dermed redd for kva som kom til å skje med garden hans og andre i bygda når Mardøla forsvann som vasskjelde.⁷⁹ For bygdefolket var dette meir alvorleg og påverka dei i mykje større grad enn for aksjonistane. Når aksjonen vart avslutta og aksjonistane reiste heim, ville bygdefolket stå igjen med ein heimstad med forringa mogelegheiter. Ved å vise kva dei stod ovanfor vart dei konkrete ansikt utad for kva ein kunne risikere dersom ein ikkje stod opp og protesterte. Sjølv om dei tapte saken, så gav dei eit viktig bidrag til kampen mot vasskraftutbygging og nedbygging av naturressursar.

⁷⁷ Fadnes. 2020a:14.45.

⁷⁸ Berntsen. 2009.

⁷⁹ Fadnes. 2020a:03.00.

3.3 Mardøla-aksjonen

Mardøla-aksjonen strekte seg frå 25 juli og held fram til 26 august i 1970. Nedanfor vert det gjort greie for ulike fasar av aksjonen, med inndelinga: Aksjonistane er på plass, Opptrapping, Motaksjon, Ny aksjonsleir og Politiet aksjonerar og aksjonen vert avslutta. Eg har velt å dele aksjonen inn etter ulike fasar slik at det skal vere enklare å knytte inn avisutklipp frå Romsdal Folkeblad og Sunnmørsposten, for så å analysere og drøfte datamateriale frå avisene undervegs.

3.3.1. Aksjonistane er på plass

I helga 25-26 juli vart aksjonistleiren danna og media er på plass frå fyste stund. Bygdefolket frå Eresfjord og Eikesdal og medlemmar frå SNM tok seg fram til anleggsområdet i Sandgrovbotn. I løpet av søndag 26 juli, vart det satt opp ein teltleir i den tiltenkte traseen for anleggsvegen opp mot utbyggingsområdet. I byrjinga av aksjonen bestod dette av om lag 15 telt, med mellom 30-40 aksjonistar. Talet på deltagarar varierte i løpet av aksjonen, då nokon reiste og andre kom, i tillegg var det ein stor mengde journalistar og pressefolk som dokumenterte aksjonen frå start til slutt, noko som førte til at aksjonen vart grundig dokumentert i både tv og aviser.⁸⁰ I Romsdal Folkeblad måndag 27. juli 1970 kan ein lese denne overskrifta på første side: «Naturvernleir bygget for å stoppe Gryttenutbyggingen». Her er det anleggsarbeidarane som vert sett i fokus med utsegn som «Arbeidarane fikk seg nok en gedigen overraskelse. Området var sperret av en teltleir som var strategisk lagt over vegtraseen». Journalisten skriv vidare at arbeidarane dermed vart hindra i arbeidet sitt på vegn og at naturvernarane sokjer å oppnå full stans i arbeidet fram til snøen kjem.⁸¹ I Sunnmørsposten si utgåve tysdag 28. juli oppgjev journalisten at aksjonistane er ved godt mot og legg meir enn gjerne fram sitt syn, som dei håpar får gjenklang i tida framover.⁸²

*Hensikten med vår aksjon er i første rekke å få vekket en sterkere og mer bevisst opinion mot den uhemmede raseringen av våre naturherligheter og miljøverdier. Vi vil også gjerne ha belyst, om nødvendig gjennom våre høyeste rettsinstanser, hvilke rettigheter en norsk borger har kontra kraftutbyggerne, som har satt seg over gjeldende regler ved igangsetting av storstilt rasering av naturverdier før noen tillatelser er gitt og får fortsette, med bare formanende ord politiske myndigheters side.*⁸³

⁸⁰ Gleditsch et.al. 1971:28.

⁸¹ Romsdal Folkeblad. 27.07.1970:1.

⁸² Sunnmørsposten. 28.07.1970:1-2.

⁸³ Sunnmørsposten. 28.07.1970:1.

Dette utsegnet visar kva motiv naturvernarnarane har bak aksjonen, som då knytt deira motiv med lokalbefolkninga i Eresfjord og Eikesdal, i tillegg til å belyse kva konsekvensar kraftutbyggingar får dersom ein bryt reglar. Regelbrotet det her visast til er at NVE og Statskraftverkene har gitt godkjenning til bygging av anleggsvegen før eit endeleg vedtak i Stortinget om utbygging ved Grytten er vedtatt. Opp mot 15 kilometer av vegen var allereie bygd før sumaren, og ytlegare 1 mil står igjen før ein er framme ved Mardøla-vassdraget. Det er denne fortsettinga på vegen aksjonistane søker å hindre. Sunnmørspostens journalist oppgjer at dessverre kjem aksjonen alt for seint.⁸⁴ Hensikten til aksjonistane vert oppfylt då fleire og fleire dukka opp, blant anna venstrepolitikaren Odd Einar Dørum. Han blei utfordra til å leggje handling bak orda sine av ein journalist, reiste dermed opp og vart del av aksjonen.⁸⁵ Dette kan ein knyte saman med at både miljøorganisasjonar og politikarar tidlegare hadde protestert meir gjennom ord og ikkje gjennom aktiv handling. Dermed skilde Mardøla-aksjonen seg frå tidlegare protestar mot utbygging, for her vart det gjort aktiv handling for å søkje å få eit positivt resultat og ta aktiv motstand mot utbygging.⁸⁶ Dei to skildringane i Romsdal Folkeblad og Sunnmørsposten, der den fyste med ein gong sett arbeidarane i fokus og den andre naturvernarnarane, kan linkast til dei ideologiske bakteppe til avisene, då Romsdal Folkeblad var ei arbeiderpartiavis og Sunnmørsposten på det tidspunktet var ei venstreavis.⁸⁷

Når det kjem til arbeidsfordelinga og samarbeidet mellom bygdefolket og aksjonistane, var dette avklart på førehand. Naturvernarnarane i SNM, då spesielt Sigmund Kvaløy, tok seg av samtalar med pressen og bygdefolket ordna det praktiske og logistikken. Det kunne vere å ta imot nykommarar og dele ut post og forsyningar. Mange av aksjonistane hadde ikkje med seg så mykje utstyr, då trådde bygdefolket til med pengeinnsamlingar for å skaffe det dei trengte, av klede, telt og soveposar.⁸⁸ Dersom det var behov for plakatar eller lenker var det bygdefolket som stod for det.⁸⁹ Dei to grupperingane gjekk stort sett overeins om felles sak.

Aksjonen vart eit flittig samtaleemne rundt om i landet der for og motargument vart diskutert. Aksjonen fekk mykje støtte, blant anna med fly frå ulike kantar av landet med leveranse av

⁸⁴ Sunnmørsposten. 28.07.1970:1.

⁸⁵ Fadnes. 2020a:15.50.

⁸⁶ Rossavik. F. (2020). «Moderne sivil ulydighet fyller 50. Er aksjonsformen mer aktuell enn noen gang?».

Aftenposten. Link: <<https://www.aftenposten.no/mening/kommentar/i/4q5xBa/moderne-sivil-ulydighet-fyller-50-er-aksjonsformen-mer-aktuell-enn-no>>. [Henta 24.04.2021].

⁸⁷ Sande og Norsk presses historie. 2019; Forr, Hetland og Norsk presses historie. 2020.

⁸⁸ Fadnes. 2020a:16.00.

⁸⁹ Fadnes. 2020a:16.15.

matvarer og diverse. Plutseleg var småbygdene Eresfjord og Eikesdal i sentrum for merksemda i Noreg.⁹⁰ Måndag 27 juli starta arbeidet med anleggsvegen opp igjen etter fellesferien, men ikkje på den delen av vegen som var i direkte nærleik til teltleiren. Ferieavvikling og lite arbeid på anlegget gjorde at det ikkje vart gjort så mykje for å fjerne aksjonistane i starten. Her kunne ein stille seg spørsmålet om det var planlagt å aksjonere i ferien då det var mindre arbeidarar i sving ved traseen. Dette kjem ikkje klart fram i kjeldematerialet, men i eit avisutklipp i Sunnmørsposten 28. juli kjem det fram at Statkraftverkene hadde mange styremedlemmar på ferie, så det tok tid for dei å samle seg til drøftingsmøte om aksjonen. Når dei endeleg fekk samla seg var dei einige i at aksjonistane gjor seg skuldig i ein ulovleg handling og kunne vente seg erstatningskrav.⁹¹ Statkraftverkene er ikkje nemneverdig uroa enda då det fortsett er nok arbeid til arbeidarane foreløpig. Dei merkar likevel at dersom aksjonen trekkjer ut så kan det verte harde økonomiske tider for entreprenørane. Dei vil dermed ta kontakt med politiet gjennom NVE.⁹²

Aksjonistane lagar i mellomtida plakatar og leverer protestbrev til anleggsarbeidarane. Protestplakatane inneheld slagord som: «Stopp – gjelder bare anleggsmaskiner», «Stans – Mardøla skal fortsatt renne til Eikesdal» og «Stans anleggsarbeidet nå!». ⁹³ Dagen etter, tysdag 28 juli, ringer NVE, på vegne av Statkraftverkene, til politimeisteren i Molde der ein oppmodar om å få aksjonistane fjerna. Politimeisteren ber NVE om å melde saka formelt og lensmannen i Åndalsnes får i oppdrag å undersøkje saken.⁹⁴ Politimeisteren gjer det klart for Romsdals Folkeblad, at dersom det vert langvarig hindring av arbeidet, vil politiet gripe inn.⁹⁵ Samstundes går det mot avrunding av Jazzfestivalen i Molde, der fleire av deltakarane får spørsmål om dei kunne tenkje seg å vere med til Mardøla og delta i protestaksjonen. Fleire takkar ja og ein full buss køyrrer frå Molde mot Eikesdalen og vidare opp til protestleiren.⁹⁶ Leiren består no av bygdefolk, medlemmar av SNM og fleire sympatisørar frå forskjellige stadar i landet.

3.3.2. Opptrapping

Fredag 31 juli kjem lensmannen i Åndalsnes på sitt første av fleire besøk til aksjonsleiren og les opp meldinga frå NVE. Han ber aksjonistane om å gje seg og om å vere nøgde med den

⁹⁰ Fadnes. 2020a:16.55.

⁹¹ Sunnmørsposten. 28.07.1970:4.

⁹² Sunnmørsposten. 28.07.1970:2.

⁹³ Sunnmørsposten. 28.07.1970:1; Romsdal Folkeblad. 04.08.1970:1.

⁹⁴ Gleditsch et.al. 1971:28.

⁹⁵ Romsdal Folkeblad. 29.07.1970:1.

⁹⁶ Gleditsch et.al. 1971:29.

publisiteten dei har fått. Demonstrantane avslår og lensmannen gjer dei ein frist til mandag 3. august om å fjerne seg frå anleggsvegen innan kl. 06.00. Aksjonistane avslår dette også og lensmannen registrerer kven som er deltagarar i aksjonen.⁹⁷ Aksjonistane appellera til statsministeren og industriministeren om å utsette arbeidet med vegen til innbyggjarane i Eikesdal og Eresfjord, gjennom Nesset kommune, hadde fått gjennomført rettssak mot staten. Same dag avgjer regjeringa i statsråd å sjå vekk ifrå denne appellen og gje endeleg samtykke til Grytten kraftverk og dermed å føre Mardøla-vassdraget vekk frå Eikesdalen.⁹⁸ Aksjonen vert diskutert breiddt på den politiske skalaen, der partia til høgre oppgjer at det er tydeleg at ein har med idealistar å gjere, der ein har lov til å vere ueinige, men kan ikkje hindre eit lovleg vedtatt stortingsvedtak. Partia til venstre viser litt meir sympati med aksjonistane, men hevdar fullt ut at dette ikkje er vegen å gå.⁹⁹ Her kan ein då spore at utanfor aksjonen er det eit inntrykk av at aksjonistane aksjonerar for aksjonen sin skuld, og ikkje at aksjonen har fleire nyansar enn det som kjem fram. Dette skal ein sjå nærmare på om litt.

1 og 2 august er det jamn auking i mengda på deltagarar i teltleiren, opp mot 150-160 personar. Det vert halde allmøte for å informere nye deltagarar om aksjonen og leggje ein plan for korleis dei skal ta imot politiet kl. 06.00, 3. august. Det vert klargjort kva målsetjingar aksjonistane har slik at alle er informert. Hovudmålet er å hindre arbeidet på anleggsvegen for å auke sjansen for Nessets kommune sitt søksmål kan førebuast, eventuelt prøve å få saken opp i Stortinget på nytt. Det vert bestemt ei ansvarsfordeling aksjonistane imellom.¹⁰⁰ Først kven som skal lenke seg fast (15-16 personar), så kven som skal arresterast (eit a- og b-lag, avhengig av kapasiteten til politiet), kven skal bere sekkar, ønske velkommen osv. Sigmund Kvaløy held eit innlegg om viktigheita av ikkjevald og sivil ulydigheit.¹⁰¹ Dette er den overordna forståinga der prinsippet om sivil lydigheit mot eit urettferdig system ligg fast.

Morgonen den 3. august er aksjonistane tidleg oppe for å gjere seg klare til å ta imot politiet. Det er eit stort oppbod av pressefolk i leiren for å dekke aksjonen. Aksjonistane er klare og lenkegjengen sitt lenka fast med kjetting bolta fast i grunnen. Men dei må vente lenge, mange står med kikert og speidar etter politifolka som skulle kome, nokre går nedover anleggsvegen for å sjå etter politiet. Ikkje før kl. 12.30 vert det i ei radiosending klart at politiet ikkje vil gjere noko den dagen og lensmannen forklarar dette med manglande avklaring frå

⁹⁷ Gleditsch et.al. 1971:29.

⁹⁸ Fadnes. 2020a:11.10.

⁹⁹ Sunnmørsposten. 08.08.1970:1-2.

¹⁰⁰ Gleditsch et.al. 1971:30.

¹⁰¹ Fadnes. 2020a: 24.30.

politimeisteren i Molde, som igjen peikar oppover mot departementet.¹⁰² Politimeisteren kan ikkje ta avgjerda aleine, kjem det fram i Romsdal Folkeblad, justisdepartementet må vurdere og avgjere korleis politiet skal forhalde seg til demonstrantane. Samstundes uttrykker NVE igjen bekymring for arbeidarane som må vente enda lenger på at politiet skal bestemme seg. «Det er snakk om pengar til naudsynt livsopphald til arbeidarane», uttalar overingeniør Kåre Aas til avisas medarbeidar.¹⁰³ Kan ein spore her eit mål om å setje dei ulike partane opp mot kvarandre? Søkjer kraftutbyggjarane her å setje lokale annleggsarbeidarar opp mot naturvernara og bygdefolk? Industri mot naturvern? Naturressursar til rekreasjon eller økonomisk utkome? Her kan ein sjå tendensar til to motståande forståingar av kva ein skal bruke naturen til. NVE og Statkraftverkene hadde lenge arbeida på ein sti der det var snakk om å få mest mogeleg ut av naturressursane, men etter krigen vart det meir og meir fokus på natur som gjenstand for friluftsliv og rekreasjon.¹⁰⁴ Dermed var det kanskje naturleg for desse organa å tvihalde på eit økonomisk syn ved å bruke arbeidarane som argument for vidare arbeid på vegen og utbygging? For lokalbefolkinga var det i stor grad ei forståing om at naturgrunnlaget måtte behandlast slik at ein fortsett kunne hauste godane gjennom jordbruk og industri, ved at ein ville ha utbygging i Eikesdalen.¹⁰⁵ For naturvernara var det i større grad lågteknologisamfunnet som stod i størst harmoni med forståing om økologisk mangfald. Dermed er det mange ulike motiv som ikkje nødvendigvis er overførbare med kvarandre, men lokalbefolkinga og naturvernara stod i ein nærmare posisjon for felles mål.¹⁰⁶

I perioda 4-5 august byrjar det å komme fleire konkrete rykte om at anleggsarbeidarar må permitterast då utbyggingsarbeidet må stansast ytlegare, i tillegg til at entreprenørar frå Raumasida som har kjøpt inn maskiner til arbeidet, tapar store summar på forseinkingar. Entreprenørane byrjar å verte lei av aksjonistane som tek seg til rette og vil halde dei ansvarleg for økonomiske tap.¹⁰⁷ Sunnmørsposten sine utsendte medarbeidarar får opplyst at maskiner held på å verte tatt ut av arbeid og 15 mann er permittert. Odd Einar Dørum svarar at det er NVE dei vil hindre, ikkje arbeidarane, samstundes peikast det på at arbeidarane vert brukt som pressmiddel for å starte opp igjen arbeidet. «Det er synd at NVE gøymer seg bak arbeidarane i denne prosessen» uttalar Dørum til Sunnmørspostens journalist. Arbeidarane på

¹⁰² Gleditsch et.al. 1971:30.

¹⁰³ Romsdal Folkeblad. 01.08.1970:1.

¹⁰⁴ Nilsen og Thue. 2006:77.

¹⁰⁵ Warde, Robbin og Sjölin. 2018:2.

¹⁰⁶ Anker. 2020:66.

¹⁰⁷ Fadnes. 2020a:28.20.

si side er frustrerte på at styresmaktene og politiet ikkje visar handling for å få arbeidet i gang igjen. Entreprenørane på si side forbereder eit erstatningskrav mot demonstrantane.¹⁰⁸ I Romsdal Folkeblad vert NVE anklaga, av Sigmund Kvaløy, for å halde på med ein «kameleonaktig» oppførsel, der dei skyv arbeidarane framfor seg.¹⁰⁹ Dette kan tyde på at naturvernarnarane her ser gjennom handlingane og utsegna til kraftutbyggjarane som oppmodar til solidaritet med arbeidarane. Det kan tenkjast at ein då oppmodar opinionen til å støtte arbeidsfolket. Ein kan også stille spørsmålet, kva då med lokalbefolkninga i Eikesdal og Eresfjord? Har ikkje dei rett til å arbeide for og verne om sitt arbeid og levebrød? Det er nettopp dette levebrødet naturvernarnarane søker å arbeide for gjennom felles sak med bygdefolket. I Romsdal Folkeblad vert det i eit anna avisoppslag frå same dag, peika journalisten på at demonstrasjonen var fornuftig for å setje fokus på ein viktig sak, men at det no har gått for langt. Romsdal Folkeblad skriv på leiarplass at naturvern som sak har fått oppsving, men at ein også må følgje spelereglane. Ein visar til at ein er forundra over at det er så aktiv motstand mot utbygginga med utsegna «Her i distriktet har det ikkje tidligere vært snakk om fredning av Mardøla, spenningen knyttet seg først og fremst til hvilke alternativ som ville bli valgt. Nesset eller Rauma.». ¹¹⁰ Både bygdelaga og Nesset kommune var optimistiske før endeleg vedtak om utbygging ved Grytten, medan no pipa har fått ein anna lyd og det ropast no høgt om freding av elva. Ein visar også til at dette burde heller vorte løyst lokalt i distriktet, enn at ein skulle kople inn naturvernalar og staten.¹¹¹ Med dette som utgangspunkt byrjar ein no å finne konkrete eksempel på andre motiv og årsaker til motstand mot utbygging, spesielt då frå lokalbefolkninga og kommunen. Nesset kommune hadde gått med på utbygging, men med premissen om at ein skulle byggje i Eikesdal. Når dette ikkje vart alternativet, vart det vidare arbeida for freding av vassdraget. Likevel kan ein forstå framgangsmåten til kommunen, ved ei utbygging ville ein sikre at det var arbeidsplassar og livsgrunnlag i bygdelaga, fordi det ville kunne bidra til økt kapital i bygdelaga og kommunen. Når dette ikkje vart realisert, ville ein kunne sikre vidareføring av bygdesamfunna dersom ein vidareførte dagens situasjon. Ved ei utbygging ville ein risikere å miste alt ein hadde arbeida for og i tillegg få ein forverra situasjon for lokalbefolkninga. Det ville ikkje vere noko garanti for at kompensasjonane kommunen var lova, ville kunne komme bygdefolket til gode.¹¹²

¹⁰⁸ Sunnmørsposten. 05.08.1970:5.

¹⁰⁹ Romsdal Folkeblad. 04.08.1970:1-8.

¹¹⁰ Romsdal Folkeblad. 04.08.1970:5.

¹¹¹ Romsdal Folkeblad. 04.08.1970:5.

¹¹² Gleditsch et.al. 1971:18.

Den 6. august kjem lensmannen i Åndalsnes på besøk igjen og vil ha ein ny oversikt over kven aksjonistane er, kva yrke dei har, alder og bustadadresse. I tillegg les lensmannen opp eventuelle siktingar og førelegg som vil verte reist mot deltakarane og kva følgjer dette potensielt kan ha. Aksjonistane risikerer bøter eller fengsel på inntil tre månadar dersom dei ikkje forlet anleggsvegen og aksjonsleiarane enda strengare straff. Det vert heldt eit allmøte i leiren der ein ser på kva mogelegheiter og mål dei har. Aksjonistane kjem fram til at dei vil halde fram med aksjonen og uttalar seg om at dei verken vil godta å stå økonomisk ansvarleg ved tap eller la seg skremme med bøter og fengsel.¹¹³ Kort tid etter at lensmannen har reist igjen, når eit rykte leiren om at bygdefolket i Åndalsnes og Rauma vil gå til motaksjon mot protestleiren. Raumaværingane er lei av sommel frå myndighetene og politiet og vil ha aksjonistane vekk slik at arbeidet med anleggsvegen kan takast opp igjen. Når politiet ikkje klarer å fjerne aksjonistane vil dei ta saken i eigne hender.¹¹⁴

3.3.3. Motaksjon

Aksjonsleiren vert varsla om at Raumafolket kjem og det vert heldt allmøte i leiren. Dei kan sjå motdemonstrantane kome på lang avstand oppgjennom anleggsvegen. Når dei kjem fram omringar dei teltleiren og overleverer eit ultimatum der ein oppmodar om å respektere stortingsvedtaket og krever at ein skal la arbeidarane få komme tilbake til arbeidet: «Hvis dere ikke etterkommer dette utimatumet og fjerner leiren innen den gitte tidsfristen kan hva som helst skje». Tidsfristen som vert gitt var fredag 7 august kl. 12.00, slik at arbeidet kan fortsette.¹¹⁵ Motdemonstrantane har med seg plakatar der det står slagord som: «Hippies dra hjem – hvis dere har noe da», «Fei for egen dør», «Romsdal for Romsdalinger» og «Forsøk noe nytt – hva med en jobb».¹¹⁶ Raumafolket har stort sett lest uttalelsane til naturvernarnarane i lokale og nasjonale aviser. Dei har dermed ikkje i like stor grad fått høyre bygdefolket i Eresfjord og Eikesdal sine motiv om å aksjonere. Dette kan vere med på å forklare kvifor det er spesifikt naturvernarnarane dei rettar motstanden mot. Imidlertid vitnar det om to grupper som hadde vidt forskjellig forståing for motivet til aksjonen. Dei fleste av naturvernarnarane som aksjonerte hadde jobbar eller var studentar, så det var heller her snakk om ein bakanforliggende forståing av korleis ein brukte naturen. Var naturen ei kjelde for å sikre jobbar eller eit miljø menneske måtte leve i pakt med?¹¹⁷ Den første forståinga kan ein til ein viss grad også spore i Romsdal Folkeblad, der det står at demonstrantane gjer det klokt i å

¹¹³ Fadnes. 2020a:29.30.

¹¹⁴ Fadnes. 2020a:31.00.

¹¹⁵ Romsdal Folkeblad. 08.08.1970:1.

¹¹⁶ Gleditsch et.al. 1971:33.

¹¹⁷ Anker. 2020:66.

lytte til Raumafolket, slik at arbeidet kan starte igjen og at ein er glad for at det ikkje vart tydd til vald for å få fjerna demonstrantane.¹¹⁸ Naturvernarane, med Sigmund Kvaløy, representerte den andre forståinga. At Romsdal Folkeblad visar til naturvernarane sine motiv, kan stemme overeins med det Yngve Nilsen har argumentert i sin artikkel «Ideologi eller kompleksitet?», der den nasjonale presse og politikarar koplar aksjonen med ei ideologisk forankring. Det er i hovudsak Sigmund Kvaløy og andre naturvernurar som tek seg av kontakta utad med myndigheiter og presse, dermed er det kanskje ikkje så rart at ein set igjen med dette inntrykket. Men korleis vert dette vist i lokalpressa? Får ein ei anna forståing der? I Romsdal Folkeblad kjem det fram at naturvernarane sympatiserer sterkt med bygdefolket som risikerer å få eit forringa natur- og livsgrunnlag ved ei utbygging.¹¹⁹ Det er ikkje før seinare i aksjonen at bygdefolket uttalar seg på eigne vegne.

Etter eit kort allmøte i leiren, skriv Sigmund Kvaløy under på ultimatumet på vegne av naturvernarane. For å ikkje bryte med prinsippa om ikkje-vald vil dei etterkomme krava til motaksjonistane og dei vil vere vekk frå anleggstraseen innan kl. 12. neste dag.

Motdemonstrantane jublar og tek seg ned tilbake den vegen dei kom. Samstundes har bygdefolk frå Eresfjord og Eikesdalen høyt nytt om motdemonstrasjonen og vil komme med forsterkningar, men det tek tid før dei kjem fram. Blant anna Anna Nerås Nerland, lærarinne i Eikesdalen og mannen hiv seg rundt og kører ilag med fleire. Når dei er framme er motdemonstrasjonen over, men dei er fortsett oppsett på å halde fram med aksjonen, berre på ein ny stad. Samarbeidet mellom bygdefolket og naturvernarane viste no svakheiter. Dei er ikkje heilt fornøgd med at naturvernarane har godtatt ultimatumet, og bygdefolket har ikkje gått med på dette.¹²⁰ Det måtte komme fram at sjølv om naturvernarane trakk seg ut av traseen, stod bygdefolket like støtt i aksjonen og fekk aksjonistane med seg vidare ved ein ny teltleir. Denne ueinigheita til tross samarbeider dei to gruppene godt ved den nye leiren.¹²¹ I Romsdal Folkeblad står det på første side 08 august 1970: «Folkehær frå Eresfjord/Eikesdal skal marsjere opp i fjellet i dag – Akter å kjempe for Mardøla side om side med demonstrantene».¹²² I denne artikkelen kjem det fram at bygdefolket var forbitra på Raumafolket som blanda seg inn med ein motaksjon. Bygdefolket følte seg forplikta til å

¹¹⁸ Romsdal Folkeblad. 07.08.1970:1.

¹¹⁹ Romsdal Folkeblad. 29.07.1970:4.

¹²⁰ Fadnes. 2020b:16.30.

¹²¹ Fadnes. 2020b:12.25.

¹²² Romsdal Folkeblad. 08.08.1970:1, 8.

reagere og vise at dei står side om side med naturvernarane for å kjempe same sak.¹²³ Her kjem det tydeleg fram kva store delar av lokalbefolkninga i bygdene Eresfjord og Eikesdal meiner. I avisutklippet kjem det også fram at bygdefolket er takksame for sympatierklæringar frå alle kantar av landet, og understrekar at den norske befolkninga må vere årvakne framover om ein ikkje vil at det same skal skje andre stadar i Noreg. Med dette som bakteppe er det tydeleg at bygdefolket og fleire delar av den norske befolkninga byrjar å verte merksam på kva som kan skjer med naturressursane rundt om i landet. Bygdefolket arbeidar no med å formulere ei utsegn som skal representera deira motiv for å demonstrere mot utbygging.¹²⁴

Den 7 august vert leiren flytta om lag 1 km inn i terrenget og utanfor traseen til anleggsvegen. Anleggsarbeidarane står klare med maskiner og utstyr for å ta opp igjen arbeidet. Politiet har kome for å oversjå ro og orden frå begge sider, i tillegg vil dei registrere alle frå Eresfjord og Eikesdal.¹²⁵

3.3.4. Ny aksjonsleir.

Den 8 august, er det stille og roleg i den nye leiren. Anleggsarbeidet skyt fram og det vert tilbakelagt om lag 300 meter om dagen. Det går rykte om at nye motdemonstrasjonar, men fylkesmannen og politimeisteren kallar inn til dialogmøte mellom dei ulike partane.

Fylkesmannen og politimeisteren ynskjer å sikre seg mot at bygdefolka går til valdelege eller ulovlege aksjonar seg imellom.¹²⁶ Det vert lagt vekt på at dei ulike bygdelaga skal vere nabobar etter utbygginga også, dermed må ein søkje ei fredeleg løysing. Møtet går føre seg på samfunnshuset i Eresfjord. Her klarar ein å roe gemytta og bygdefolket i Eresfjord og Eikesdalen forstår at slaget er tapt. Men likevel skal samhaldet og samarbeidet dei imellom og med aksjonistane feirast. Dei har kanskje tapt slaget, men dei er ikkje heilt einig om å gje seg enda. Dei byr opp til folkefest med bålbrann, song og dans. Samhaldet og det felles arbeidet mellom bygdefolket og naturvernarane skal feirast.¹²⁷ I perioden 10-15 august skjer det lite i den nye leiren, men sjølv om saken er tapt, vil aksjonistane halde fram enda. To representantar for SNM i Oslo overrekker eit brev til regjeringa der ein ber myndighetene om å stoppe utbygginga slik at Nesset kommune skal kunne få prøvd saka for retten.

Naturvernforbundet tilbyr seg å vere meklar mellom staten og kommunen.¹²⁸ Samstundes nyttar dei anledninga til å rette kraftig kritikk mot NVE og Statkraftverkene som held fram

¹²³ Romsdal Folkeblad. 08.08.1970:1.

¹²⁴ Romsdal Folkeblad. 08.08.1970:1.

¹²⁵ Fadnes. 2020b:17.10.

¹²⁶ Gleditsch et.al. 1971:34.

¹²⁷ Fadnes. 2020b: 20.13.

¹²⁸ Gleditsch et.al. 1971:35.

med arbeidet ved Sandgrovbotn utan å vente på svar frå forhandlingane mellom staten og kommune.¹²⁹

Det er no bygdefolket i Eresfjord og Eikesdal får publisert eit eige bodskap til både lokal og nasjonal presse. Det er dermed ikkje før i slutten av aksjonen at den lokale og nasjonale pressen får ei tydeleg og samla utsegn frå lokalbefolkinga med deira motiv for utbyggingsmotstanden. På første side i Romsdal Folkeblad 24 august 1970, kan ein lese overskrifta «Vi trenger ikke penger, men livsgrunnlag i bygdene».¹³⁰ I Sunnmørsposten same dag står det «Vannet er livsgrunnlaget vårt».¹³¹ Det er dermed kanskje ikkje så rart at det har vore tvetydigheiter knytt til motiv og bakgrunn for aksjonen. Naturvernarane har fått uttalt seg fritt om sine motiv for aksjonen, men bygdefolket har ikkje sagt tydeleg ifrå før no. I utsegn legg dei fram at dei ikkje er ute etter pengar, men at dei vil ha eit livsgrunnlag i bygdene. Dersom naturgrunnlaget vert svekkja, må dei få hjelp av staten til å etablere varierte og varige arbeidsplassar. Ei eingongsutbetaling som kompensasjon vil ikkje bidra til å redde lokalmiljøet i bygdene.¹³² Bygdefolket ytrar også, til Sunnmørsposten, at staten har eit stort ansvar for å vidareføre bygdesamfunna og at ved å bygge ut Mardøla er dei med på å svekkje det biologiske mangfaldet i form av jordbruk med dyrehald, jakt og fiskemogelegheiter i området.¹³³ Her kan ein sjå ein tydeleg link til forståinga om at naturen er avhengig av ei likeverdig utnytting slik at systemet skal kunne oppretthalde det biologiske mangfaldet og ha ein berekraftig vekst for framtida.¹³⁴

Sigmund Kvaløy og dei resterande medlemmane av SNM i leiren diskutera mogelegheiter for å ta seg inn i vegtraseen på nytt. I tillegg vert det sendt appell til kontaktar i Oslo, deriblant Arne Næss, om ein kunne tenkje seg å vere med på ein siste aksjonsstunt. Arne Næss svarar på brev frå aksjonistane og kjem oppover frå Oslo.¹³⁵

3.3.5. Politiet aksjonerar og aksjonen vert avslutta.

I perioden 16-26 august er det fredeleg i leiren og aksjonistane får eit lite oppløft med nykomne deltakarar frå Oslo sjølv om det no er få personar igjen i leiren. Arne Næss held foredrag om ikkje-vald og sivil ulydighet som aksjonsform. Aksjonistane tek seg igjen inn i

¹²⁹ Sunnmørsposten. 22.08.1970:1-2.

¹³⁰ Romsdal Folkeblad. 24.08.1970:1.

¹³¹ Sunnmørsposten. 24.08.1970:9.

¹³² Romsdal Folkeblad. 24.08.1970:1.

¹³³ Sunnmørsposten. 24.08.1970:9.

¹³⁴ Warde, Robbin og Sjölin. 2018:2.

¹³⁵ Fadnes. 2020b: 22.45.

anleggstraseen og hindrar arbeidet med vegen.¹³⁶ Den 27 august 1970 kan ein lese, på fyste side i Romsdal Folkeblad, overskrifta: «Mardølademonstrantene har gått til ny aksjon». I følgje avisas utsendte medarbeidar, oppgjer aksjonistane at dei gjer dette fordi arbeidet på anleggsvegen har gått i så stort temp at det er øydeleggjande for ein potensiell rettssak mot staten.¹³⁷ Samstundes som det er rolege dagar i protestleiren har politimeisteren i Molde og politiet i det stille planlagt ein hemmeleg aksjon mot dei gjenværande aksjonistane i teltleiren. Dei skulle komme overraskande på aksjonistane dermed er det ingen som veit at dei kjem. Om morgonen den 26 august kl. 04.15 aksjonerer politiet mot teltleiren og får pakka ned telt og ført aksjonistane bort. Enkelte aksjonistar, blant anna Sigmund Kvaløy og Arne Næss må berast bort.¹³⁸ Romsdal Folkeblad sin journalist oppgjer at politiaksjonen gjekk udramatisk føre seg og at Mardøla-saken no endeleg er over. Politiet hadde store styrker tilgjengeleg dersom demonstrantane ikkje skulle gje seg. «Heldigvis er aksjonsleiren endeleg fjerna og arbeidet kan fortsette for fullt».¹³⁹ Utsegna til journalisten i Romsdal Folkeblad kan også her sporast til arbeidarparti-bakteppet avisar har. Sunnmørsposten dekkjer saka ved at journalisten får ein kommentar frå Kvaløy om at naturvernaraane ikkje kjem til å gje seg, men at dei vil arbeide framover mot andre utbyggingar for å vekkje folkeopinionen mot nedbygging av norsk natur.¹⁴⁰ Sidan det her er naturvernaraane som får fokus kan ein linke det til bakgrunnen avisa har knytt til partiet Venstre.

Både bygdefolk og aksjonistar får bøter av varierande storleik. Imidlertid er det ingen av Eresfjordingane eller Eikesdølene som betalar bota og etter lang tid gir politimeisteren opp å krevje dei inn. Fem av aksjonistane vert sett på som leiarar av aksjonen, Sigmund Kvaløy, Arne Næss og Odd Einar Dørum var tre av desse, og vart tiltalt etter oppildnar-paragrafen. Men alle vart blankt frifunnen i rettssaka og vart satt i same båt som dei andre deltararane av aksjonen, der ein hadde ei oppfatning av at aksjonen vart meir laust knytt sammen, med ingen klare leiarar.¹⁴¹

¹³⁶ Gleditsch et.al. 1971:35.

¹³⁷ Romsdal Folkeblad. 27.08.1970:1.

¹³⁸ Fadnes. 2020b:24.33.

¹³⁹ Romsdal Folkeblad. 27.08.1970:1.

¹⁴⁰ Sunnmørsposten. 28.08.1970:7.

¹⁴¹ Fadnes. 2020b:28.11.

4.0. Avslutning

Sjølv om Mardøla ikkje vart spart for utbygging fekk aksjonen varig resultat, både symbolisk og indirekte.¹⁴² Året 1970 vert naturvern sett på dagsordenen der blant anna konflikten rundt utbygginga av Mardøla var ein viktig del av nyheitsbiletet. Mardøla-aksjonen førte til at miljøtanken rundt natur- og vassdragsvern, som hadde utvikla seg på 1960-talet slo ut i full blomst på 1970-talet. Hendinga fekk stor merksemd både nasjonalt og internasjonalt, og vart hugsa i Noreg som den første solide alliansen mellom organiserte miljøvernalar og bygdefolk.¹⁴³ I ettertid vart natur- og miljøvern ei gruppe ein måtte rekne med. Aksjonistane var i hovudsak menneske frå forskjelle samfunnslag som såg verdien i urørt natur og lågtekologiske samfunn som levde i pakt med naturen og det biologiske mangfaldet. Desse fant saman med lokale bygdefolk som frykta for naturgrunnlaget i bygdene dei var avhengige av for livsopphald til både sin og framtidige generasjonar. Dette linka dei saman i ein felles sak og front. Yngve Nilsen har i sin artikkel «Ideologi eller kompleksitet?» påpeika at Mardøla-aksjonen kan forklara ut i frå eit ideologisk bakteppe, der ein er i ein prinsipiell protest mot verdssamfunnets utnytting av naturressursar. Men ein kan også seie at dess større og meir komplekse prosjekt, dess større og meir komplekse konfliktar.¹⁴⁴ Mardøla-aksjonen er eit godt eksempel her, der protestaksjonen hadde grobotn i ei frykt for forringa levevilkår for lokalbefolkinga og for det økologiske mangfaldet i området. Dette kan ein også sjå i trendane i samtida då natur- og miljøvern vert meir og meir aktuelt nasjonalt og globalt. Likevel når ein går inn i aksjonen og analysera motiva på lokalt nivå, kan ein også sjå at lokalbefolkinga og kommunen hadde gått med på og til og med vore positive til utbygging av vasskraftverk, dersom dette hadde vorte lagt til Eikesdal. Då med håp om nye arbeidsplassar og modernisering av lokalsamfunnet. Då det vart avklart at dette ikkje vart realisert, vart ein då alvorleg redd for overlevinga til jordbruksamfunnet i dalføret. Ein vart då meir og meir innstilt på å arbeide for freding av Mardøla, slik at ein kunne oppretthalde dåtidas samfunn.

Dette kan ein då kople til ein ideologisk forankra motstand mot utbygging, men ein må også ta i betraktning at lokalbefolkinga også håpte på lokal utbygging som kunne gje fleire arbeidsplassar til bygdene. Motiva bak aksjonen er dermed mykje meir komplekse enn ideologi aleine. Dekninga i avisene syner at Romsdal Folkeblad veg arbeidet til anleggsarbeidarane høgt og dermed visar til fleire motiv bak aksjonen, då særleg

¹⁴² Berntsen. 2011:287.

¹⁴³ Hestness. 2020:42.

¹⁴⁴ Nilsen. 2008:83.

naturvernarane sine motiv og at bygdefolket i Eikesdal og Eresfjord fyst var positive til utbygging, før ein endra meinings og gjekk inn for freding når vedtaket om utbygging ved Grytten vart innstilt og vedtatt. Dette kan ein då kople til avisas ideologiske bakteppe som ei arbeidaravis. Sunnmørsposten har tradisjonelt vore ei venstreavis og dermed kan det då vere naturleg at den trekkjer fram naturvernarane sin ståstad og motiv når dei presenterer aksjonen. For å svare på problemstillinga kan ein seie at lokalpress til ein viss grad er med på å vise kompleksiteten til aksjonen, då spesielt Romsdal Folkeblad som viser fleire årsaker og motiv til aksjonen frå fleire sider. Sunnmørsposten viser kompleksiteten i mindre grad då det ofte er naturvernarane som står i fokus og kanskje spesielt venstremannen Odd Einar Dørum.

Uavhengig av kompleksitet eller ideologi var aksjonen viktig for opprettinga av eit eige departement for miljø og vidare miljøpolitikk i Noreg. I 1972 vart Miljøverndepartementet oppretta, med mål om å arbeide for ein best mogeleg balanse mellom utnytting av ressursar for økonomisk vekst, og å verne om naturressursar til best for menneskeleg helse og trivsel, der målet var at både lokalbefolkning og naturvernadar skulle verte høyrt.¹⁴⁵ Etter Altaaksjonen i 1978, som hadde sterkt inspirasjon av Mardøla-aksjonen, vart det vedtatt ein samla plan for vassdragsutbygging i Noreg, med tilhøyrande vern av dei gjenværande vassdraga i landet.¹⁴⁶ I Eresfjord og Eikesdalen fekk ein rekke avbøtande tiltak, der bøndene og grunneigarane fekk erstatning for tap av grunnvatn og laksebestand. I tillegg vedtok Stortinget å la fossen renne fritt i juli til august kvar år.¹⁴⁷

Kampen om Mardøla var eit viktig startpunkt som slo grobotn i mange lokalsamfunn rundt om i Noreg, blant anna ved utbygging av Sjoa-vassdraget der Sverre Nybø, ein av leiarane i motstandsarbeidet uttalte: «Med det var Sjoa-saken slutt. Ei fane vart reist ved Mardøla. Ein tanke slo rot i ei bygd. Ei tid med nye verdiformar hadde fått sin første markerte siger i Stortinget». ¹⁴⁸ Dei mange samfunnsdebattane i etterkant av Mardøla, om vassdragsvern, forureining og trugslar av mange slag gjorde at ungdommen vart meir engasjert i natur- og miljøspørsmål.¹⁴⁹ Ein kan dermed sjå parallellear til andre store utbyggingssaker, til dømes ved

¹⁴⁵ Regjeringen. (2013). «Klima- og miljødepartementets historikk». Link:

<<https://www.regjeringen.no/no/dep/kld/dep/historikk/id696/>>. [Henta 11.03.21].

¹⁴⁶ Fadnes. 2020b:31.46.

¹⁴⁷ Fadnes. 2020b:30.15.

¹⁴⁸ Berntsen. 2011:168.

¹⁴⁹ Berntsen. 2011:170.

Alta-Kautokeino-vassdraget eit tiår seinare og ved motstand kring vindkraftutbygging ved dags dato.¹⁵⁰

I dag kan ein sjå mykje av dei same tankane om miljø- og naturvern når det kjem til aksjonar mot vindkraftutbygging. Likevel er det nokre forskjellar ved at det i dag er fokus på klima og global oppvarming som argument for vindkraftutbygging og ikkje aluminiumsindustrien energibehov som det var ved Mardøla. Samstundes er det likevel naturressursar som vert bygd ut for å dekke eit kraftbehov til eit meir og meir modernisert norsk samfunn.¹⁵¹ Mardøla var med på å setje startstreken for korleis miljøorganisasjonar arbeida på, ein måtte setje handling framfor ord og dette kan ein også sjå i dag med aksjonsgrupper mot vindkraft, som til dømes Motvind.¹⁵² Her er det også snakk om ikkje-valdelege aksjonsformer som verkemiddel.¹⁵³ Ein kan då sjå igjen her tanken om at det må vere ei likeverdig utnytting og bevaring av naturen.¹⁵⁴ Arven etter Mardøla kan fortsett gjere seg gjeldande i dag.

I Eikesdalen og Eresfjord har dei økofilosofiske ideane til Sigmund Kvaløy slått rot. I 2020 var det 50 år sidan konsesjonane vart gitt, og i bygdene arbeidast det for å be om revisjon av vasskraftkonsesjonen. Bygdefolket har fortsett ein draum om at fossen igjen skal få sleppe fri og renne fritt ned mot Eikesdalen året rundt.¹⁵⁵

¹⁵⁰ Augestad. 2020:109.

¹⁵¹ Prytz. 2020.

¹⁵² Rossavik. 2020.

¹⁵³ Prytz. 2020.

¹⁵⁴ Warde, Robin og Sörlin. 2018:2.

¹⁵⁵ Fadnes. 2020b:32.06.

5.0. Kjeldeliste

- Anker, P. (2020). “The Ecopholosophers”. In *The Power og the Periphery: How Norway Became an Environmental Pioneer for the World* (Studies in Environment and History, pp. 45-74). Cambridge: Cambridge University Press. S. 66.
- Augestad, M. (2020). «*Media om Mardøla. Morgendagens tanker i dag og først med siste nytt: En komparativ rammeanalyse av Morgenbladets og Dagbladets mediedekning av Mardølaaksjonen*». (Masteravhandling). Universitetet i Oslo. Oslo.
- Berntsen, B. (2009, s.o. 05.02.20). «Sigmund Setreng». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://nbl.snl.no/Sigmund_Setreng>. [Henta 08.03.21].
- Berntsen, B. (2011). «*Grønne linjer – Natur- og miljøvernets historie i Norge*». Otta. Unipub.
- Bostad, I. (2009, s.o. 17.05.2011). «Arne Næss». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://nbl.snl.no/Arne_N%C3%A6ss>. [Henta 15.03.21].
- Fadnes, I. (15.09.2020a). Slaget om fossen [1:2] I Alsaker, L og Saugestad K. *Hele Historien*. Link: <https://radio.nrk.no/podcast/hele_historien/sesong/slaget-om-fossen>. [Henta 16.02.21].
- Fadnes, I. (15.09.2020b). Slaget om fossen [2:2] I Alsaker, L og Saugestad K. *Hele Historien*. Link: <https://radio.nrk.no/podcast/hele_historien/sesong/slaget-om-fossen>. [Henta 16.02.21].
- Forr, G. Hetland, T. og Norsk presses historie (2020). «*Sunnmørsposten*». *Store Norske Leksikon*. Link: <<https://snl.no/Sunnm%C3%B8rsposten>>. [Henta 29.04.2021].
- Gleditsch, N. P. Hartmann, Å. og Naustdalslid, J. (1971). «*Mardøla-aksjonen*». Institutt for fredsforskning. Oslo.
- Henriksen Waage, H. (29.05.2019). «*A Social Democratic Peace; Nils Petter Gleditsch Interviewed by Hilde Henriksen Waage*». PRIO Stories. Link: <<https://blogs.prio.org/2019/05/a-social-democratic-peace-nils-petter-gleditsch-interviewed-by-hilde-henriksen-waage/>>. [Henta 27.02.21].
- Hestness, E. (2020). *Verneplanene for vassdrag. Verdier og vern av vassdrag i Norge. 1970-1993*. (Masteravhandling). Universitetet i Stavanger, Stavanger.
- Hompland, A. (2009) «Odd Einar Dørum». *Store Norske Leksikon*. Link: <https://nbl.snl.no/Odd_Einar_D%C3%98rum> [Henta 15.03.21].
- Kielland, I. R. (2017). «*Natur og ungdom – aksjonene som endret norsk miljøkamp*». Oslo. Cappelen Damm.

Nasjonalbiblioteket. (u.å.) «Hvem har tilgang til hva hvor?». Link:

<<https://www.nb.no/hjelp-og-informasjon/rettigheter/>>. [Henta 26.03.2021].

Nilsen, Y. og Thue, L. (2006). «*Statens kraft 1965-2006: Miljø og marked*».

Universitetsforlaget. Oslo.

Nilsen, Y. (2008). «Ideologi eller kompleksitet? Motstand mot vannkraftutbygging i Norge i 1970-årene», *Historisk tidsskrift* 01/2008 (volum 87).

Prytz, U. (2020). «Vi tapte kampen for 50 år siden. Nå er naturen igjen under angrep».

Aftenposten. Link: <<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/kJAeKB/vi-tapte-kampen-for-50-aar-siden-naa-er-naturen-igjen-under-angrep-u>>. [Henta 25.04.2021].

Regjeringen. (2013). «*Klima- og miljødepartementets historikk*». Link:

<<https://www.regjeringen.no/no/dep/kld/dep/historikk/id696/>>. [Henta 11.03.21].

Rossavik, F. (2020). «Moderne sivil ulydighet fyller 50. Er aksjonsformen mer aktuell enn noen gang?». *Aftenposten*. Link:

<<https://www.aftenposten.no/meninger/kommentar/i/4q5xBa/moderne-sivil-ulydighet-fyller-50-er-aksjonsformen-mer-aktuell-enn-no>>. [Henta 24.04.2021].

Sande, Ø. og Norsk presses historie (2019). «Romsdal Folkeblad». *Store Norske Leksikon*.

Link: <https://snl.no/Romsdal_Folkeblad>. [Henta 29.04.21].

Svarstad, H. (1992). «*Norsk vannkraft. Næringsutvikling og miljøkonsekvenser hjemme og ute*». Vardøger No. 21. S. 60.

Thue, L. (1994). «*Statens kraft 1890-1947: Kraftutbygging og samfunnsutvikling*».

Cappelens forlag a.s. Oslo.

Warde, P. Robin, L. og Sörlin, S. (2018). “*The Environment: A History of the idea*”.

Maryland: John Hopkins University Press. S.

Avisutklipp:

Romsdal Folkeblad (27.07.1970). «*Naturvernleir bygget for å stoppe Gryttenutbyggingen*». S. 1, 8.

Romsdal Folkeblad (29.07.1970). «*Natursjakk om Eikesdal*». S. 4.

Romsdal Folkeblad (01.08.1970). «*Politiets oppgave i Mardøla-saken*». S. 1.

Romsdal Folkeblad (04.08.1970). «*Politi- Og lensmannsstyrker viste seg ikkje ved Mardøla*». S. 1, 8.

Romsdal Folkeblad (04.08.1970). «*Sandgrovbotn*». S. 5.

- Romsdal Folkeblad (07.08.1970). «*Demonstrantene ved Mardøla bryter opp*». S. 1, 8.
- Romsdal Folkeblad (08.08.1970). «*Raumafolket gir en klar beskjed*». S. 1.
- Romsdal Folkeblad (08.08.1970). «*Folkehær frå Eresfjord/Eiksedal skal marsjere opp i fjellet i dag*». S. 1, 8.
- Romsdal Folkeblad (24.08.1970). «*Vi trenger ikke penger – men livsgrunnlag i bygdene*». S. 1.
- Romsdal Folkeblad (27.08.1970). «*Mardølademonstrantene gått til ny aksjon*». S. 1.
- Romsdal Folkeblad (28.08.1970). «*Store politistyrker bar bort 11-12 Madrølademonstranter*». S. 1.
- Romsdal Folkeblad (31.08.1970). «*Natur og miljøvernforkjemperne trenger penger til sitt arbeid*». S. 6.
- Sunnmørsposten (28.07.1970). «*Mardøla-aksjon for natur- og miljøvern*». S. 1-2.
- Sunnmørsposten (28.07.1970). «*Vassdragsvesenet drøfter Mardøla-aksjonen i dag*». S. 4.
- Sunnmørsposten (05.08.1970). «*15 arbeidarar permitterte – entreprenør til erstatningssak?*». S. 5.
- Sunnmørsposten (08.08.1970). «*Mager parlamentarisk støtte til Mardøla-demonstrantene*». S. 1-2.
- Sunnmørsposten (22.08.1970). «*Kraftig kritikk mot NVE*». S. 1-2.
- Sunnmørsposten (24.08.1970). «*Vannet er livsgrunnlaget vårt*». S. 9.
- Sunnmørsposten (28.08.1970). «*Naturvernleiren avviklet – men Mardøla-aksjonen fortsetter!*». S. 7.

